Bykle kommune
Bykle ser langt

# Eigarutgreiing 2021






Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

# Innhald

**Oversikt over Bykle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjoner** ..... **3**
**Heileigde aksjeselskap** ..... **4**
**Hovden Prosjektutvikling AS** ..... 5
**Bykle Breiband AS** ..... 6
**Bykle Nærings- og Utviklingsselskap AS (BNU)** ..... 7
**Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)** ..... 8
**Hovden Badeland AS** ..... 9
**Hovden Løypekøyring AS** ..... 10
**Deleigde aksjeselskap** ..... **11**
**Agder Buss AS** ..... 12
**Agder Energi AS** ..... 13
**Agder Næringsselskap AS** ..... 14
**ATB-Nett AS** ..... 15
**Dekkservice Setesdal AS** ..... 16
**Destinasjon Hovden AS** ..... 17
**Hovden Opplevelser AS** ..... 18
**Hovden Skigymnas AS** ..... 19
**Kommunekraft AS** ..... 20
**LL Setesdal Bilruter** ..... 21
**Norsk Bane AS** ..... 22
**Returkraft AS** ..... 23
**Setesdal Bilruter Eigedom AS** ..... 25
**Setesdal informasjons og kompetansesenter AS** ..... 26
**Setpro AS** ..... 27
**Trucknor Setesdal AS** ..... 28
**USUS AS** ..... 29
**Visit Telemark AS** ..... 30
**Interkommunale selskap** ..... **31**
**Agder Kommunerevisjon IKS** ..... 2
**Aust-Agder Museet IKS (AAma)** ..... 3
**Setesdal Brannvesen IKS** ..... 5

**Setesdal IKT IKS** .......... 6
**Setesdal Interkommunale Politiske Råd IKS (Setesdal regionråd)** .......... 7
**Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS** .......... 8
**Setesdalmuseet Eigedom IKS** .......... 9
**Andre samarbeid og vertskommunesamarbeid .......... 10**
**Setesdal Barnevern** .......... 11
**PPT Setesdal** .......... 12
**Helseteneste Bykle og Valle** .......... 13
**Nav Midt-Agder** .......... 14
**Setesdal** .......... 15
**Veterinærvakt** .......... 16
**Agder Sekretariat** .......... 17
**Midt-Agder Friluftsråd** .......... 18
**AT Skog SA** .......... 19
**Aust-Agder Utviklings- og Kompetansefond** .......... 20
**Biblioteksentralen SA** .......... 21
**KLP – Kommunal Landspensjonskasse** .......... 22
**Krypsivfondet i Otra** .......... 23
**Landsamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK)** .......... 24
**Offentlig fellesinnkjøp på Agder (OFA)** .......... 25
**Personvernombod** .......... 26
**ROS-Samarbeid** .......... 27
**Setesdal Opplæringskontor** .......... 28
**Skogbrukskontor** .......... 29
**SVR – Verneområdene for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiene** .......... 30
**Vassdragsstyret for Øvre Otra (VØO)** .......... 31
**Vedlegg 1 – nøkkeltal definisjonar .......... 32**

# Oversikt over Bykle kommune sine eigar- og samarbeidsrelasjonar

**Kommunestyret**

**Aksjeselskap 100 % (Aksjeloven) - konsern**

- Hovden Prosjektutvikling AS
- Bykle Breiband AS
- Bykle Nærings- og Utviklingsselskap AS (BNU)
- Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)
- Hovden Badeland AS
- Hovden Løypekøyring AS

**Interkommunale selskap (IKS-Loven)**

- Agder Kommunerevisjon IKS (4 %)
- Aust-Agder Museum og Arkiv IKS (2 %)
- Konsesjonskraft IKS (10,85 %)
- Setesdal Brannvesen IKS (18,8 %)
- Setesdal IKT IKS (20 %)
- Setesdal Interkommunale Politiske Råd IKS (20 %)
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS (20 %)
- Setesdalmuseet Eigedom IKS (33 %)

**Vertskommunesamarbeid**

- Setesdal Barnevern
- PPT Setesdal
- Helsetjeneste
- NAV Midt-Agder
- LMT Setesdal (lokalmedisinske tjenester)
- Veterinærvakt

**Aksjeselskap deleid (Aksjeloven)**

- Agder Buss AS (6,56 %)
- Agder Energi AS (0,49 %)
- Agder Næringsselskap (0,033 %)
- ATB Nett AS (11,11 %)
- Dekkservice Setesdal AS (13,11 %)
- Destinasjon Hovden AS (98,82 %)
- Hovden Opplevelser AS (33,33 %)
- Hovden Skigymnas AS (58,9 %)
- Kommunekraft AS (0,313 %)
- LL Setesdal Bilruter (13,11 %)
- Norsk Bane AS (5,42 %)
- Returkraft AS (0,65 %)
- SBR Transport AS (13,11 %)
- Setesdal Bedriftshelsetjeneste (0,46 %)
- Setesdal Bilruter Eigedom AS (13,11 %)
- Setesdal Informasjons og Kompetansesenter AS (2,4%)
- Setpro AS (20 %)
- Trucknor Setesdal AS (6,56 %)
- Visit Sørlandet AS (USUS AS) (ukjent)
- Visit Telemark AS (1,147 %)

**Andre samarbeid (representasjon og finansiering)**

- Midt-Agder Friluftsråd (11,11 %)
- Agder Sekreteriat (6,25 %)
- AT Skog ASA (Deltakerandel under 1%)
- Aust-Agder Utviklings og kompetansefond (0,0081 %)
- Biblioteksentralen SA (under 1%)
- KLP - Kommunal Landspensjonskasse
- Krypsivfondet i Otra (kommuner knyttet Otra)
- LKV - Landssammenslutninga for vasskraft-kommuner (1 av 159)
- Offentlig Fellesinnkjøp Agder (OFA) IKS
- Personvernombud (under Evje og Hornnes)
- ROS-Samarbeid med andre kommuner i Setesdal
- Setesdal Opplæringskontor
- Skogbrukskontor (Bykle, Valle og Bygland
- SVR-Verneområdene for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiene
- Vassdragsstyret for Øvre Otra (VØO)

# Heileigde aksjeselskap

For kommunen er det viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt formål med selskapet. Dersom kommunen ønskjer full kontroll i selskapet, bør kommunen eige alle aksjane.

Som følgje av ein omorganisering gjennomført i 2020 er det oppretta eit konsern som Bykle kommune eigar 100 %.

Morselskapet Bykle og Hovden Vekst AS (BHV) eig alle aksjane i Hovden Prosjektutvikling AS, Bykle Breiband AS, Bykle Nærings og Utviklingsselskap (BNU), Hovden Badeland AS og Hovden Løypekøyring AS.

Omorganiseringa vil forenkle styringa av desse selskapa og gjer det mogleg med konsernbidrag.

I tillegg eig BHV 98,8 % av aksjane i Destinasjon Hovden AS.

Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

**Dagleg leiar:** Torvald Gautland
**Styre:** Arve Andersson (leiar), Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen og Siri Lande

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 % via Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)




**Hovden Prosjektutvikling AS** er eit 100 % kommunalt eigd selskap via Bykle og Hovden Vekst AS som har som formål å eige eigedom og drive flisanlegg som produserer varme som dei selje til leigetakarar og andre.

Selskapet eig bygningen som dei leiger ut til Hovden Badeland AS. Bygningen har vore eigd av selskapet sidan det blei oppført i 1990.

Flisanlegget produserer varme som blir selt til Hovden Badeland AS, Hovden Skigymnas AS, Fjellgardane Skule, Grendehuset og Fjellgardane Barnehage.

**Året 2019**
Selskapet har ein mindre årleg lønnskostnad kr 90 000 til innleige av dagleg leiar. Selskapet har hatt ein stor inntektsauke dei siste åra og den er knytta til sal av varme.

**Økonomisk utvikling**
Driftsresultatet i 2019 viser eit underskot på 51 678 kr. Selskapet hadde eit årsresultat på minus 686 980 kr som blir dekka av annan eigenkapital.

Selskapets kontantbehaldning (omløpsmidlar) er på 38 722 kr, medan varige driftsmidlar er redusert frå 6,162 mill. kr til 5,354 mill. kr som følgje av avskrivingar.

Selskapet har ikkje langsiktig gjeld.

Selskapet viser ei negativ avkastning på total- og eigenkapitalen slik selskapet blir drive i  dag.

Selskapet har dårleg likviditet.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 2 342 565
2019: 2 018 055

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 455 705
2019: 384 114

**Eigarstrategi**
Selskapet er nært knytta til Hovden Badeland AS som eigar av bygningen, og som leverar varme til mange kommunale bygg og selskap. Det har vore ein medviten strategi å byggje og utvikle flisfyringsanlegg som varmar opp kommunale bygg. Bygningsmassen til Hovden Badeland blir vedlikehalde av Hovden Prosjektutvikling AS. Dette er forklaringa på det store tilskotet.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 3 513 | 2 301 |
| Driftskostnader | 3 462 | 1 931 |
| Driftsresultat | 52 | 370 |
| Finansinntekter | 0,9 | 0,9 |
| Finanskostnader | 739 | 1 |
| Netto finanspostar | -738 | 0 |
| Resultat før skatt | -686 | 370 |
| **Årsresultat** | **-686** | **370** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 5 354 | 6 163 |
| Omløpsmidlar | 612 | 315 |
| **Sum eigedelar** | **5 966** | **6 478** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 5 150 | 5 150 |
| Opptent eigenkapital | -58 | 629 |
| Sum eigenkapital | 5 092 | 5 779 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 874 | 699 |
| Sum gjeld | 874 | 699 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **5 966** | **6 478** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,9 % | 5,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -12,6 % | 6,6 % |
| Eigenkapitalprosent | 85,3 % | 89,2 % |
| Gjeldsgrad | 0,2 | 0,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,7 | 0,5 |

Bykle Breiband

**Dagleg leiar:** Rune Blankenberg
**Styre:** Arve Andersson (leiar), Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen og Siri Lande

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 % via Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)




**Bykle Breiband AS** er eit heileigd aksjeselskap, juridisk eigd via Bykle og Hovden Vekst AS.

Selskapet sitt formål er å levere lynraskt internett, tv og telefoni over fiberkabel til fastbuande og hytter i Bykle.

Selskapet har føretatt mange grunninvesteringar i fiberanlegg og begynner no å hauste av tidlegare investeringar.

**Året 2019**
Hovudaktivitetane i 2019 har vore å halde fram utbygginga og å levere tenester til sine eksisterande abonnentar.

Selskapet har 3 årsverk.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit årsresultat på 2,79 mill. kr, som er ei god auke frå året før. Selskapet har levert god avkastning på eigenkapital- og totalkapitalrentabiliteten.

Selskapet hadde pr. 31.12.2019 36 mill. kr i totalkapital, derav 18 mill. kr som utgjorde eigenkapitalen og selskapet har ei langsiktig gjeld på kr 7,7 mill til eigar. Dette lånet blir ikkje renteavrekna, det er stilt pant i selskapet sine eignelutar. Det er betalt inn kr 1 mill på dette lånet i 2020.

Den kortsiktige gjelda er ubetydeleg. Likviditeten i selskapet er svært god.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 350 997
2019: 646 467

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har vore ein aktiv eigar som har investert store summer i å utvikle og legge til rette for å levere internett, tv og telefoni via fiberkabel til alle som ønskjer det i Bykle kommune.
Dette er ein viktig infrastruktur som bidrar til auka vekst, meir bruk av hytter og bidreg til at folk bur og oppheld seg i kommunen.
No er selskapet over i ein ny fase der selskapet no tener pengar. Selskapet ligg etter omorganiseringa i eit konsern som gjera at det kan bidrage med konsernbidrag til dei andre selskapa i konsernet.

Det bør også vurderast i kva grad kommunen bør realisere verdiane i selskapet og heller fokusere på andre prosjekt som kan utviklast. Selskapet har ei sunn og god drift no, med god eigenkapital og bra resultat.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 8 104 | 7 262 |
| Driftskostnader | 5 416 | 5 029 |
| Driftsresultat | 2 687 | 2 233 |
| Finansinntekter | 104 | 56 |
| Finanskostnader | 1 | 0 |
| Netto finanspostar | 103 | 56 |
| Resultat før skatt | 2 790 | 2 289 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **2 790** | **2 289** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 30 129 | 28 540 |
| Omløpsmidlar | 6 003 | 5 074 |
| **Sum eigedelar** | **36 132** | **33 615** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 18 168 | 18 168 |
| Opptent eigenkapital | 9 278 | 6 488 |
| Sum eigenkapital | 27 446 | 24 656 |
| Langsiktig gjeld | 7 700 | 7 700 |
| Kortsiktig gjeld | 986 | 1 259 |
| Sum gjeld | 8 686 | 8 959 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **36 132** | **33 615** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 8,0 % | 7,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 10,7 % | 9,7 % |
| Eigenkapitalprosent | 76,0 % | 73,3 % |
| Gjeldsgrad | 0,3 | 0,4 |
| Likviditetsgrad 1 | 6,1 | 4,0 |

**Dagleg leiar:** Torvald Gautland
**Styre:** Arve Andersson (leiar), Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen og Siri Lande

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 % via Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)



**Bykle Nærings- og Utviklingsselskap AS (BNU)**
Selskapet eig Hovdetun, Hovden Skytesenter og bensinstasjonen i Bykle.

Formålet til selskapet er utleige og utvikling av eigen fast eigedom.

Selskapet har ikkje tilsette, men betaler ut styrehonorar og leigar inn tenester ved behov.

Eigar har ytt eit kortsiktig lån som er rentefritt på kr 5,5 millionar. Dette er handsama som eit langsiktig lån i rekneskapen, då det har blitt forlenga kvart år. I 2021 er det vedtatt at selskapet skal selje eigedom i Bykle næringshage og nytte pengane å betale tilbake lånet.

**Året 2019**
Drifta er rimeleg normal. Men det er føretatt ei ekstraordinær nedskriving på selskapets bygningar som er dekka av innskoten eigenkapital.

**Økonomisk utvikling**
Driftsinntektene er redusert frå 2,681 mill. kr i 2018 til 2,502 mill. kr. i 2019. Selskapet hadde i 2019 eit årsresultat på -1,610 mill. kr.

Selskapets totalkapital- og eigenkapitalrentabilitet er betra frå 2018. Selskapet har ein tilfredsstillande gjeldsgrad i 2019, likviditeten er ikkje veldig god. Eigenkapitalen er på 19,4 mill. kr etter ei stor nedskriving på bygningar. Selskapet har ei langsiktig gjeld på kr 15 mill ei nedgong på omtrent kr 0,5 mill frå året før, medan den kortsiktige gjelda er redusert med 0,24 mill. kr frå året før og er i 2019 på 4,88 kr.

Selskapet har ein eigenkapitaldel på 49,4 % mot 60,9 % året. Nedgangen er kome både av underskot og nedskrivingar på bygningar.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 556 633
2019: 607 201

**Eigarstrategi**
Selskapet skal sørgje for utvikling i tillegg til å eige eigne eigedomar som skal leigast ut til leigetakarar. Det er behov for økte inntekter i selskapet og styret arbeider aktivt for å auke leigeinntektene framover.
Det er ikkje kapital til å subsidiere leigetakarar i så stor grad som det tidlegare er gjort.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 2 502 | 2 681 |
| Driftskostnader | 3 885 | 4 342 |
| Driftsresultat | -1 383 | -1 661 |
| Finansinntekter | 1 | 2 |
| Finanskostnader | 228 | 219 |
| Netto finanspostar | -227 | -217 |
| **Årsresultat** | **-1 610** | **-1 878** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 37 741 | 50 818 |
| Omløpsmidlar | 1 647 | 2 167 |
| **Sum eigedelar** | **39 388** | **52 985** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 19 447 | 32 271 |
| Opptent eigenkapital | 0 | 0 |
| Sum eigenkapital | 19 447 | 32 271 |
| Langsiktig gjeld | 15 054 | 15 587 |
| Kortsiktig gjeld | 4 887 | 5 128 |
| Sum gjeld | 19 941 | 20 714 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **39 388** | **52 985** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | -3,0 % | -3,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -6,2 % | -5,7 % |
| Eigenkapitalprosent | 49,4 % | 60,9 % |
| Gjeldsgrad | 1,0 | 0,6 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,3 | 0,4 |

Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

**Dagleg leiar:** Torvald Gautland
**Styre:** Arve Andersson (leiar), Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen og Siri Lande

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 %



**Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)** er et holdingselskap som er morselskapet for Hovden Prosjektutvikling AS, Bykle Breiband AS, Bykle Nærings- og Utviklingsselskap AS, Hovden Badeland AS og Hovden Løypekøyring AS.

I tillegg eig det 98,8 % av aksjane i Destinasjon Hovden AS.

**Året 2019**
Det blei gjort ei nedskriving på kr 20,55 mill på aksjane i Bykle Næring og Utviklingsselskap og kr 1,35 mill på aksjane i Hovden Løypekøyring AS i 2019. Desse nedskrivingane er ført direkte mot overkursfondet.

**Økonomisk utvikling**
Det har ikkje vore driftsinntekter i selskapet og drifta er ikkje stor. Hovudkostnaden kom av ei pensjonsplikt som er inngått med tidlegare dagleg leiar. Selskapet har heller ingen tilsette. Eigenkapitalen er god, på tross av store nedskrivingar. Selskapet har inga langsiktig gjeld og minimalt med kortsiktig gjeld.

**Tilskot og sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
BHV skal bidrage til aktiv næringsutvikling i Bykle og på Hovden og bidrage til å styrke Bykle kommune som reiselivsdestinasjon. Selskapet skal som kommunens heileigde selskap drivast etter ordinære bedriftsøkonomiske og kommersielle prinsipp. Prosjekt kan bli utført i samarbeid med kommersielle aktørar.

Med den organiseringa som no er vald er det enklare å tilføre konsernbidrag internt i konsernet etter behov.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 0 | 0 |
| Driftskostnader | 292 | 181 |
| Driftsresultat | -292 | -181 |
| Finansinntekter | 5 | 34 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 5 | 34 |
| Resultat før skatt | -287 | -148 |
| Skattekostnad | 480 | -12 |
| **Årsresultat** | **-767** | **-136** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Immaterielle eigedelar | 0 | 480 |
| Varige driftsmidlar | 0 | 0 |
| Finansielle anleggsmidlar | 25 118 | 47 142 |
| Omløpsmidlar | 2 079 | 2 360 |
| **Sum eigedelar** | **27 197** | **49 982** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 27 178 | 49 845 |
| Opptent eigenkapital | 0 | 0 |
| Minoritetsinteresser | 0 | 0 |
| Sum eigenkapital | 27 178 | 49 845 |
| Avsetning forpliktingar | 0 | |
| Kortsiktig gjeld | 19 | 137 |
| Langsiktig gjeld | 0 | |
| Sum gjeld | 19 | 137 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **27 197** | **49 982** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | -0,7 % | -0,3 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -0,7 % | -0,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 99,9 % | 99,7 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 0,0 |
| Likviditetsgrad 1 | 109,8 | 17,3 |

**Dagleg leiar:** Torvald Gautland
**Styre:** Arve Andersson (leiar)
Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Siri Lande og Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 % via Bykle og Hovden Vekst AS



**Hovden Badeland AS** er eit heileigd aksjeselskap juridisk eigd av Bykle kommune via Bykle og Hovden Vekst AS.

Selskapets formål er å drive badeland, SPA, kafé, skøyteutleige og treningssenter (nytt i 2020).

Selskapet leiger bygg av Hovden Prosjektutvikling AS.

Anleggsmidlane utgjer mindre investeringar på maskin, anlegg, driftslausøyre og inventar.

Det overordna målet er å ha fokus på marknad samt optimalisering av drift, og lønsemda er basert på å auke posisjonen i marknaden og få fleire besøkjande. Selskapet har opplevd suksess med det nyetablerte treningssenteret frå 2020 som har fått ein god medlemsmasse allereie. Treningssenteret har også ei avtale med Hovden Skigymnas AS som gir faste inntekter. Dette tiltaket kan være med på å bidrage til å betre tala for drifta framover.

**Året 2019**
Selskapet har hatt eit normalt år. Det er åtte årsverk med ein total lønnskostnad på kr 3,55 mill. Driftskostnadene elles blir mykje påverka av straumprisane, då det naturleg nok må brukast mykje straum i eit slikt anlegg.

**Økonomisk utvikling**
Årsresultatet for selskapet var på -0,23 mill mot -0,55 mill førre år. Det er tatt grep for å betre drifta framover. Selskapet har ein god eigenkapital i høve til drifta. Det er ikkje langsiktig gjeld og likviditeten er god.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 100 178
2019: 98 226

**Eigarstrategi**
Kommunen er eigar av Hovden Badeland for å kunne tilby ei slik teneste i Bykle kommune, både for fastbuande og turistar. Badeland og treningssenter er bra for folkehelsa.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 6 852 | 6 371 |
| Driftskostnader | 7 076 | 6 916 |
| Driftsresultat | -225 | -545 |
| Finansinntekter | 6 | 1 |
| Finanskostnader | 11 | 10 |
| Netto finanspostar | -5 | -9 |
| Resultat før skatt | -229 | -554 |
| Skattekostnad | 0 | |
| **Årsresultat** | **-229** | **-554** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 0 | |
| Varige driftsmidlar | 120 | 125 |
| Finansielle midlar | 0 | 5 |
| Omløpsmidlar | 1 598 | 2 016 |
| **Sum eigedelar** | **1 718** | **2 146** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 1 000 | 1 000 |
| Overkurs | 0 | 500 |
| Opptent eigenkapital | -329 | -600 |
| Sum eigenkapital | 671 | 900 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Annan langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 1 048 | 1 246 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 1 048 | 1 246 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **1 718** | **2 146** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | -11,3 % | -23,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -29,2 % | -147,1 % |
| Eigenkapitalprosent | 39,0 % | 41,9 % |
| Gjeldsgrad | 1,6 | 1,4 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,5 | 1,6 |
| | | |



**Dagleg leiar:** Torvald Gautland
**Styre:** Arve Andersson (leiar)
Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Siri Lande og Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 100 % via Bykle og Hovden Vekst AS

**Hovden Løypekøyring AS** er heileigd av Bykle kommune via Bykle og Hovden Vekst AS.

Selskapet køyrer opp skiløyper og vedlikeheld løyper i heile kommunen.

Kommunen bidreg med tilskot og det blir sendt ut løypeavgift til hytteeigarar i kommunen. Innbetalt beløp går til frådrag.

Løypekøyringa er frå 2020 lagt ut på anbod. Hovden Hytteservice AS er tildelt oppdraget med det praktiske arbeidet som preparering, skilting og merking av løypene. Selskapet vil ivareta oppdraget frå 1. november 2020 med ein periode på fem år. Hovden Hytteservice AS har bestilt to nye løypemaskiner og overtar eksisterande maskiner i selskapet. Det preparerast 170 km løyper i skog- og høgfjellsterreng.

**Året 2019**
Selskapet blei drevet med eigne tilsette og hadde fire tilsette. Det blei også ytt ei styregodtgjersle, og dagleg leiar blei innleigd.

**Økonomisk utvikling**
Selskapets resultat i 2019 har eit underskot på kr 0,18 mill kr mot eit underskot på 0,23 mill året før.
Selskapets avkastning på totalkapitalen og eigenkapitalen var negativ, medan eigenkapitalprosenten framleis er solid på 61,6 %.
Selskapet hadde ein eigenkapital på 1,14 mill. kr pr. 31.12.2019.

Gjelda i selskapet er låg i høve til eigenkapitalen og selskapet hadde ved utgangen av 2019 noko dårleg likviditet.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 1,6 mill
2019: 1,8 mill
2020: Dette er auka inn til 4,9 mill i 2020 etter vedtak i kommunestyret.

**Eigarstrategi**
Som hyttekommune er det eit stort ønskje om å kunne leggje til rette for gode skiløyper på vinteren og gode turløyper resten av året.
Dette bidreg også til god folkehelse for kommunens eigne innbyggjarar.



| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 3 138 | 3 241 |
| Driftskostnader | 3 373 | 3 519 |
| Driftsresultat | -235 | -278 |
| Finansinntekter | 1 | 0 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 1 | 0 |
| Resultat før skatt | -234 | -278 |
| Skattekostnad | -52 | -48 |
| **Årsresultat** | **-183** | **-230** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 1 329 | 1 370 |
| Omløpsmidlar | 531 | 473 |
| **Sum eigedelar** | **1 861** | **1 843** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 2 500 | 2 500 |
| Udekt tap | -1 354 | -1 171 |
| Sum eigenkapital | 1 146 | 1 329 |
| Avsetning for forpliktingar | 0 | |
| Kortsiktig gjeld | 715 | 514 |
| Langsiktig gjeld | 0 | |
| Sum gjeld | 715 | 514 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **1 861** | **1 843** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | -12,6 % | -13,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -18,9 % | -19,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 61,6 % | 72,1 % |
| Gjeldsgrad | 0,6 | 0,4 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,7 | 0,9 |

## Deleigde aksjeselskap

Bykle kommune er deleigar i fleire aksjeselskap. Det vil seie at kommunen eig ein del av aksjane i eit selskap. Ein aksjonær har ulike rettigheiter i eit selskap avhengig av kor stor del av selskapet vedkomande eig.



**Dagleg leiar:** Hans Arne Voreland
**Styre:** Terje Greibesland (leiar), Alf Reidar Birkeland, Tellef Solås, Martin Holm

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel:** 6,56 % via LL Setesdal Bilruter

L/L SETESDAL BILRUTER

**Agder Buss AS** er eigd 50/50 av LL Setesdal Bilruter og Telemark Bilruter AS. Bykle kommune eig 13,11 % av LL Setesdal Bilruter og indirekte 6,56 % av Agder Buss AS.
Selskapets formål er å drive rutebilverksemd. Dei køyrer persontransport i austre del av Agder (Arendals-området). Anbodet gjeld fram til juni 2022.
Inntektene varierar noko etter kva for slags tenester som blir ytt, og kor mange passasjerar som er på rutene.

**Året 2019**
Selskapet har 62 tilsette og ei rimeleg normal drift i året.

**Samfunnsansvar**
Selskapet sin aktivitet forureinar det ytre miljøet. Selskapet jobbar kontinuerleg med å redusere forureining ved å ha ein moderne busspark og redusere tomgangskøyring. Dei har også elbussar i rutetrafikk.

Som leverandør av kollektivtransport har selskapet ein netto positiv effekt på miljøet.

**Økonomisk utvikling**
Dei samla driftsinntektene for selskapet har auka frå 42,5 mill kr til 45,7 mill.
Selskapets driftskostnader utgjorde kr 42,94 mill. kr i 2019 og selskapet fekk eit årsresultat på 2,3 mill. kr som er tilført selskapets eigenkapital.
Eigenkapitalen i selskapet har auka frå 13,1 mill. kr i 2018 til 15,5 mill. kr ved utgonga av 2019 og selskapet har no ein eigenkapitalprosent på 60,4 % som er rekna som solid med tanke på selskapet si verksemd og sin risiko.

Den kortsiktige gjelda er auka noko frå året før, men selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Bussparken er «leasa» med avtale om utkjøp.
Selskapet si avkasting på totalkapitalen og eigenkapitalen var svært solid i 2019 og selskapet hadde ved utgonga av 2019 god likviditet.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Aksjane blir eigd via LL Setesdal Bilruter og følgjer strategien for det eigarskapet.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 45 693 | 42 535 |
| Driftskostnader | 42 945 | 41 176 |
| Driftsresultat | 2 748 | 1 359 |
| Finansinntekter | 225 | 139 |
| Finanskostnader | 0 | 1 |
| Netto finanspostar | 225 | 138 |
| Resultat før skatt | 2 973 | 1 497 |
| Skattekostnad | 654 | 376 |
| **Årsresultat** | **2 319** | **1 121** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 3 327 | 4 496 |
| Omløpsmidlar | 22 304 | 17 264 |
| **Sum eigedelar** | **25 631** | **21 760** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 9 417 | 9 417 |
| Opptent eigenkapital | 6 070 | 3 751 |
| Sum eigenkapital | 15 487 | 13 168 |
| Kortsiktig gjeld | 10 144 | 8 593 |
| Sum gjeld | 10 144 | 8 593 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **25 631** | **21 761** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 12,5 % | 6,7 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 20,8 % | 11,9 % |
| Eigenkapitalprosent | 60,4 % | 60,5 % |
| Gjeldsgrad | 0,7 | 0,7 |
| Likviditetsgrad 1 | 2,2 | 2,0 |

agder energi

**Adm. dir.:** Steffen Syvertsen
**Styre:** Lars Erik Torjussen (leiar), Gro Elisabeth Lundevik (nestleiar), Asbjørn Grundt, Hilde Bakken, Lars Petter Maltby, Roger Thorsland, Siw Linnea Poulsson, Vibekke Hellesund, Oddvar Emili Berli

**Revisor**: EY
**Eigardel:** 0,49 %



**Agder Energi AS** sitt oppdrag er å levere rein energi, for at samfunnet skal fungere – nå og for framtida. Konsernet si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og sal av energi, samt energitilknytta tenester. Agder Energi har si hovudverksemd på Sørlandet og hovudkontor i Kristiansand. Agder Energi er eigd av kommunane på Agder (54,5 %) og Statkraft Industrial Holding AS (45,5 %). Bykle Kommune sin eigardel er på 0,49 %.

Agder Energi er ei betydeleg kompetansebedrift, også som arbeidsgjevar. Konsernet har rundt 1 000 tilsette, først og fremst i Agder, men også fleire andre stader i Norge, i Sverige, Tyskland, Belgia og Sveits. Mengda av tilsette er omtrent uendra frå 2018, men ca. 200 færre enn i 2017.

**Året 2019**
Jobb nummer ein for Agder Energi er å få straumen fram til alle kundar. I 2019 har selskapet lagt ned betydelege ressursar blant anna i å rydde skog rundt linjenettet, noko som vil gjere nettet meir motstandsdyktig mot vind og ver. Agder Energi har fokus på å ta tak i forretningsmoglegheiter i det grøne skiftet. I 2019 har selskapet m.a. godt i gong med pilotprosjektet Nor-Flex der dei testar ut løysningar for å utløyse meir fleksible løysingar for straumforbruk hjå berredarane. Selskapet er også sentrale i Electric Region Agder der målet er å gjera regionen til fullelektrisk innan 2030.

**Samfunnsansvar og berekraft**
Agder Energis mål for samfunnsansvar er: *«å drive verksemda på ein berekraftig og etisk ansvarleg måte»*.
Dei felles konsernmåla for samfunnsansvar omhandlar menneskerettane, arbeidstakarrettane, ytre miljø og anti-korrupsjon.

**Økonomisk utvikling**
Agder Energis driftsinntekter i 2019 ble 14 097 mill. kr, ein auke på ca. 100 mill. kr samanlikna med nivå i 2018. Konsernets driftsresultat (IFRS) blei 2 384 mill. kr i 2019 mot 853 mill. kr året før. Årsresultatet ble på 1 135 mill. kr mot eit negativt resultat på 204 mill. kr i 2018. Forbetring på i underkant av 1 000 mill. kr frå 2018 skuldast i hovudsak positivt bidrag frå urealiserte verdiendringar frå kraft- og valutakontraktar knytt til konsernets sine sikringsaktivitetar. Selskapet hadde lågare kraftproduksjon og lågare oppnådde prisar i 2019 enn i 2018.

Årsresultatet for morselskapet Agder Energi AS er utarbeidd etter god regnskapsskikk der årsresultatet ble på 401 mill. kr. Etter gjeldande utbyttemodell får Bykle kommune utbetalt 2,99 mill. kr i utbytte for sin eigardel i selskapet i 2019. Dei økonomiske resultata i 2019 er gode. Eigenkapitalandelen er på et forsvarleg nivå, medan likviditeten er noko svak.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 841 563
2019: 432 591

| Resultatregnskap (i mill. kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 14 097 | 13 980 |
| Driftskostnader | 11 713 | 13 013 |
| Driftsresultat | 2 384 | 967 |
| Finansinntekter | 164 | 135 |
| Finanskostnader | 289 | 249 |
| Netto finanspostar | -126 | -114 |
| Resultat før skatt | 2 258 | 853 |
| Skattekostnad | 1 123 | 1 057 |
| **Årsresultat** | **1 135** | **-204** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 19 093 | 18 384 |
| Omløpsmidlar | 3 928 | 4 232 |
| **Sum eigedelar** | **23 021** | **22 616** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 1 907 | 1 907 |
| Opptent eigenkapital | 2 142 | 1 592 |
| Min. interesser | 33 | 27 |
| Sum eigenkapital | 4 082 | 3 526 |
| Langsiktig gjeld | 12 820 | 11 988 |
| Kortsiktig gjeld | 6 118 | 7 102 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 18 939 | 19 090 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **23 021** | **22 616** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 11,2 % | 5,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 59,4 % | 21,1 % |
| Eigenkapitalprosent | 17,7 % | 15,6 % |
| Gjeldsgrad | 4,6 | 5,4 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,6 | 0,6 |
| Utbytte | 612 | 592 |

# Agder Næringsselskap AS

**Dagleg leiar:** Wenche Fresvik
**Styre:** Torunn Ostad (leiar), Asbjørn Udjus, Anders Kylland, Morten Leuch Elieson, Venke Anny Nes, Ann-Elisabeth Ludvigsen, Helge Hammersbøen, Janne Nystøl, Maria Mirell Kirchner Høyer-Berntsen

**Revisor:** KPMG

**Eigardel:** 0,033 %



**Agder Næringsselskap AS** skal fungere som eit investeringsselskap, og selskapets føremål er å bidrage til auka verdiskaping gjennom å tilby risikovillig kapital til nyetablerte og eksisterande bedrifter. Selskapet sine investeringar skal vere utført på marknadsmessig grunnlag, på like vilkår som private investorar og med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkasting på investert kapital. Selskapet skal føretake investeringar i form av kjøp av aksjar. Selskapet skal selje seg ut av dei selskapa det blir investert i etter ei viss tid.

Den eigarmessige fordelinga er 67 % offentleg og 33 % privat. Agder fylkeskommune er største eigar med over 52 % av aksjane.

**Året 2019**
Selskapet blir drive løpande etter sitt formål avhengig av aktivitet i regionen elles.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet har ein solid og god finansiering og veldig god likviditet.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune eig ein liten del på berre 0,033 % og er medeigar som ein positiv bidragsytar i likskap med andre kommunar i fylket.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 400 | 1 300 |
| Driftskostnader | 1 189 | 1 513 |
| Driftsresultat | -789 | -213 |
| Finansinntekter | 369 | 362 |
| Netto finanspostar | 369 | 362 |
| **Årsresultat** | **-420** | **149** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Finansielle anleggsmidlar | 36 139 | 29 823 |
| Omløpsmidlar | 11 301 | 18 639 |
| **Sum eigedelar** | **47 440** | **48 462** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 3 042 | 3 042 |
| Opptent eigenkapital | 42 297 | 42 717 |
| Sum eigenkapital | 45 339 | 45 759 |
| Kortsiktig gjeld | 2 101 | 2 703 |
| Sum gjeld | 2 101 | 2 703 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **47 440** | **48 462** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | -0,9 % | 0,3 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -0,9 % | 0,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 95,6 % | 94,4 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 0,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 5,4 | 6,9 |

**Dagleg leiar:** Vidar Lavoll
**Styre:** Arild Nilsen (leiar), Harald Kinck, Jørn Øyvind Corneliussen, Fredrik Feyling, Olav Johan Edland, Ole Petter Hatlevoll, Tor Olav Nystog, Rune Blankenberg og Kenneth Sundset

**Revisor:** Telerevisjon AS
**Eigardel:** 11,111 % via Bykle Breiband AS



**ATB-Nett AS** blei etablert i 2009 og har i hovudsak to fokusområde:

Felles innkjøp av tenester på vegne av medlemene.

Felles kontakt-, forhandlings- og leveringspunkt for operatørar, tenesteleverandørar og andre kundar som ønskjer leveransar innanfor dekningsområdet til ATB-Nett.

Selskapet er eigd med like stor del av 9 unike breibandsselskap i Agder/Telemark, Buskerud og Sogn og Fjordane.

**Året 2019**
Selskapet har eit år noko under fjoråret som var det året med høgast omsetting i selskapet si historie.

**Økonomisk utvikling**
Dei samla driftsinntektene for selskapet var på 19,3 mill kr i 2019 mot 20,1 mill kr året før.

Etter fråtrekk av kostnader fekk selskapet eit underskot på 0,37 mill kr i 2019.

Selskapets balanse består av kundefordringar på 2,16 mill kr og ei bankbehaldning på 0,72 mill. kr. Eigenkapitalen i selskapet var på -0,012 mill. kr pr. 31.12.2019, medan gjelda var på 3,361 mill. kr.

Selskapet har ein eigenkapital-prosent på 0 % med tilhøyrande høg gjeldsgrad på 280.

Selskapets avkastning på totalkapitalen og eigenkapitalen viser dårlege tal for 2019.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Aksjane er eigd via Bykle Breiband AS og følgjer strategien for det eigarskapet.

| Resultatregnskap konsern (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 19 289 | 20 059 |
| Driftskostnader | 19 667 | 20 059 |
| Driftsresultat | -378 | 0 |
| Finansinntekter | 2 | 1 |
| Finanskostnader | -2 | 1 |
| Netto finanspostar | 4 | 0 |
| Resultat før skatt | -374 | 0 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **-374** | **0** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Finansielle anleggsmidlar | 102 | 227 |
| Omløpsmidlar | 3 247 | 3 476 |
| **Sum eigedelar** | **3 349** | **3 703** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 240 | 240 |
| Opptent eigenkapital | -252 | 122 |
| Sum eigenkapital | -12 | 362 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 3 361 | 3 341 |
| Sum gjeld | 3 361 | 3 341 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **3 349** | **3 703** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | -10,7 % | 0,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -213,7 % | 0,0 % |
| Gjeldsgrad | -280,0 | 9,2 |
| Eigenkapitalprosent | 0 % | 10 % |

**Styre:** Svein Arne Haugen (leiar), Sigmund Aune (nestleiar), Odd Håvard Dahle, Knut Hagen og Torunn Helene Langeid

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel:** 13,11 % via LL Setesdal Bilruter

L/L SETESDAL BILRUTER

**Dekkservice Setesdal AS** sel dekk i eit lite omfang og held til på tomta til LL Setesdal Bilruter.

**Året 2019**
Aktiviteten i selskapet er minimal. Det er heller ikkje tilsette eller dagleg leiar.

**Økonomisk utvikling**
Det er ikkje så mye annet å seie enn at det er underleg at selskapet ikkje allereie er nedlagt!

Men det blir drive vel vidare i ei von om å minimere tap på varelager.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Aksjane er eigd via LL Setesdal Bilruter og følgjer strategien for det eigarskapet.

| Resultatregnskap konsern (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 521 | 988 |
| Driftskostnader | 631 | 1 143 |
| Driftsresultat | -110 | -155 |
| Finansinntekter | 0 | 0 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | -110 | -155 |
| Skattekostnad | -24 | -30 |
| **Årsresultat** | **-86** | **-125** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Varige driftsmidlar | | 157 |
| Omløpsmidlar | 752 | 550 |
| **Sum eigedelar** | **752** | **707** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 504 | 504 |
| Annan innskott eigenkapital | 239 | 0 |
| Opptent eigenkapital | 0 | -247 |
| Sum eigenkapital | 743 | 257 |
| Annan langsiktig gjeld | 10 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 0 | 450 |
| Sum gjeld | 10 | 450 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **753** | **707** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | -15,1 % | -21,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -22,0 % | -48,5 % |
| Eigenkapitalprosent | 98,7 % | 36,4 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 1,8 |

**Dagleg leiar:** Kirsten Leira
**Styre:** Arve Andersson (leiar)
Eivind Robert Buckner, Jon Martin Bjørgum, Siri Lande og Sigrid Dreemann Medley-Tellefsen

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 98,8 % via Bykle og Hovden Vekst AS (BHV)



**Destinasjon Hovden AS** er eigd av Bykle kommune via Bykle og Hovden Vekst AS (BHV) (98,8 %) og Setesdal Regionråd (1,2%). Selskapets formål er å drive turistkontor med formål om å synleggjere hovden.com for turistar, og å arbeide for meir turisme i Setesdal. Selskapet har tidlegare eigd aksjane i Hovden Booking AS, men desse er i 2020 fusjonert inn i Destinasjon Hovden AS. Bookingfunksjonen er frå 1.1.21 overført til Hovden Skisenter AS.

Selskapet skal være ein sentral aktør i utvikling av kommunen som turistdestinasjon for og i heile Bykle kommune, samt utføre vertskapsrolla og rolla som turistinformasjon.
Meir detaljert strategi blir utarbeidd i 2021.
Selskapet sine inntekter kjem frå næringa på Hovden og tilskot. Selskapet utfører også marknadsføringstenester for Visit Setesdal.

Det er forventa eit underskot i 2020 da selskapet sitt styre vedtok å halvere tilskota frå næringa som følgje av Korona-pandemien.

Det er per no to tilsette.

**Året 2019**
Aktiviteten i selskapet har vore som normal i 2019, men det blir som nemnt endringar i 2020 og framover.

**Økonomisk utvikling**
Dei samla driftsinntektene for selskapet var på 7,156 mill kr i 2019 mot 8,435 mill kr året før.

Etter fråtrekk av kostnader fekk selskapet eit årsresultat på 0,18 mill kr i 2019.

Selskapet sin største eigendel er balanseført utvikling til nettside kr. 1,039 mill.

Eigenkapitalen i selskapet var på 1,58 mill. kr pr. 31.12.2019, medan den kortsiktige gjelda var på 1,23 mill. kr., selskapet har ingen langsiktig gjeld.

Selskapet har ein eigenkapital-prosent på 56,3 %.

Selskapets avkastning på totalkapitalen og eigenkapitalen viser svake, men positive tall for 2019.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 5 318 680
2019: 4 206 320

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar i selskapet for å fremje marknadsføringa av Bykle kommune som turistmål, ivaretake vertskapsfunksjonen og ha eit turistkontor.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 7 156 | 8 435 |
| Driftskostnader | 6 911 | 8 548 |
| Driftsresultat | 245 | -113 |
| Finansinntekter | 1 | 1 |
| Finanskostnader | 66 | 6 |
| Netto finanspostar | -65 | -5 |
| Brutto driftsresultat | 180 | -118 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **180** | **-118** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Immaterielle eigedelar | 1 040 | 1 164 |
| Varige driftsmidlar | 18 | 46 |
| Finansielle anleggsmidlar | 155 | 218 |
| Omløpsmidlar | 1 603 | 1 580 |
| **Sum eigedelar** | **2 816** | **3 008** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 510 | 510 |
| Overkurs | 793 | 793 |
| Annan eigenkapital | 282 | 102 |
| Sum eigenkapital | 1 585 | 1 405 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 1 231 | 1 603 |
| Sum gjeld | 1 231 | 1 603 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **2 816** | **3 008** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 8,5 % | -3,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 12,0 % | -8,0 % |
| Eigenkapitalprosent | 56,3 % | 46,7 % |
| Gjeldsgrad | 0,8 | 1,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,3 | 1,0 |



**Styre:** Roger Hagel Sørli (leiar), Jo Breivegen, Kjetil Uleberg, Ole Prytz Bruun, Per Gunnar Andersen, Terje Mykland

**Revisor:** Valt å ikkje ha revisor (ikkje revisjonspliktig)
**Eigardel:** 33,33 % (via Destinasjon Hovden)

hovden.com

**Hovden Opplevelser AS** skal drive med oppleving og andre arrangement.

Styreleiar har den daglege leiinga av selskapet og det er ingen andre tilsette i selskapet.

Selskapet er eigd av Destinasjon Hovden AS (33,33 %), resterande aksjar er eigd av næringsselskap på Hovden med ein eigardel kvar på 9,524 %. Dei andre eigarane er Hovdegrend AS, AS Sætersdalen, Hovden Høyfjellsenter AS, God Driv AS, Hovden Alpinsenter AS, Uleberg Invest AS og Hovden Resort.

**Året 2019**
Aktiviteten i selskapet har vore veldig låg sidan oppstarten i 2014.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet har så å seie ingen aktivitet og har knapt hatt det. Men det inneber likevel nokre kostnader med å drive eit selskap, så tala er ikkje gode. Noko vidare analyse av desse blir ikkje vurdert som hensiktsmessig.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Aksjane er eigd via Destinasjon Hovden og følger strategien på eigarskapet i det selskapet.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 74 | 0 |
| Driftskostnader | 13 | -51 |
| Driftsresultat | 61 | -51 |
| Finansinntekter | 0 | 0 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 0 | 0 |
| Resultat før skatt | 61 | -51 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **61** | **-51** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 0 | 69 |
| Omløpsmidlar | 5 | 0 |
| **Sum eigedelar** | **5** | **69** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 525 | 525 |
| Opptent eigenkapital | -520 | -581 |
| Sum eigenkapital | 5 | -56 |
| Kortsiktig gjeld | 0 | 125 |
| Sum gjeld | 0 | 125 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **5** | **69** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 164,9 % | -28,6 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -239,2 % | 167,2 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | -2,2 |
| Eigenkapitalprosent | 100,0 % | -81,2 % |
| Likviditetsgrad 1 | 0,0 | 0,0 |

**Dagleg leiar:** Per Bård Torvik
**Styre:** Lars Erik Domaas (leiar), Kirsten Leira (nestleiar), Johnny Mortensen, Petter Furseth og Jens Petter Røed

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** 58,9%



**Hovden Skigymnas AS** er eigd av Bykle kommune (58,9%), Agder Næringsselskap AS (38,9 %), Agder og Rogaland Skikrets (1,1 % og Telemark og Vestfold Skikrets (1,1 %). Selskapet sysselsette 7 årsverk og har dette skoleåret 41 elever. Formålet til selskapet er å drive langrenn-, snowboard, freeski og alpintlinje. Sjølve vidaregåande skule blir drive av eit eige selskap som ikkje kommunen er involvert i som eigar.
Selskapet er ikkje skattepliktig og mottar tilskot til drifta frå Bykle kommune i tillegg til eigenbetaling frå elevar.

**Året 2019**
Aktiviteten til selskapet er som i eit normalår.

**Økonomisk utvikling**
De samla driftsinntektene for selskapet var på 12,87 mill kr i 2019 mot 12,35 mill kr året før.

Etter fråtrekk av kostnader fekk selskapet eit årsresultat på -0,547 mill kr i 2019 mot eit lite overskot i 2018.

Selskapets eignelutar består av maskin og anlegg, forskotsbetalt leasing på to bilar og tredemøller med 0,3 mill kr. Tredemøllene har Bykle kommune betalt 0,2 mill i investeringstilskot for å finansiere. Selskapet har ei bankbehaldning på 1,37 mill. kr. Eigenkapitalen i selskapet var på 1,25 mill. kr pr. 31.12.2019, medan gjelda var på 1,53 mill. kr.

Selskapet har ein eigenkapital-prosent på 45 % med gjeldsgrad på 1,2.

Selskapets avkastning på totalkapitalen og eigenkapitalen viser negative tall for 2019.

Likviditeten er ikkje spesielt god.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 6 917 760
2019: 6 100 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune sin strategi som eigar er å bidrage til å kunne tilby denne utdanninga, og trekkje unge utøvarar til Hovden. Selskapet sin strategi skal utarbeidast i disse dagar.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 12 876 | 12 352 |
| Driftskostnader | 13 423 | 12 344 |
| Driftsresultat | -547 | 8 |
| Finansinntekter | 8 | 25 |
| Finanskostnader | 1 | 2 |
| Netto finanspostar | 7 | 23 |
| Resultat før skatt | -540 | 31 |
| Skattekostnad | | |
| **Årsresultat** | **-540** | **31** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2017 |
| Immaterielle eigedelar | 0 | 13 |
| Anleggsmidlar | 771 | 859 |
| Finansielle anleggsmidlar | 300 | 400 |
| Omløpsmidlar | 1 723 | 2 166 |
| **Sum eigedelar** | **2 794** | **3 439** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 1 898 | 1 898 |
| Opptent eigenkapital | -641 | -101 |
| Sum eigenkapital | 1 257 | 1 797 |
| Kortsiktig gjeld | 1 537 | 1 641 |
| Sum gjeld | 1 537 | 1 641 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **2 794** | **3 439** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | -17,3 % | 1,9 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | -35,4 % | 3,4 % |
| Eigenkapitalprosent | 45,0 % | 52,3 % |
| Gjeldsgrad | 1,2 | 0,9 |

**Kontaktperson:** Caroline Lund
**Styre**: Kjell Idar Juvik (leiar) og Kari Anita Furunes

**Revisor**: PFK Revisjon AS

**Eigardel:** 0,313 %



**Kommunekraft AS**
Kommunekraft AS ble stiftet 28. april 1993 med formål å formidle kraft på vegne av aksjonærkommunane til best moglege kommersielle føresetnad i marknaden.

Kommunekraft AS er eigd av 125 kommunar og 7 fylkeskommunar og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Bakgrunnen for stiftinga av selskapet var at kommunane og fylkeskommunane rekna det for naudsynt å få etablert eit uavhengig miljø der dei kan innhente råd og rettleiing.

Kommunekraft AS si målsetting er at aksjonærane skal sitje att med mest mogleg av inntektene frå salet. Kommunekraft har difor ikkje mål om eit høgast mogleg økonomisk overskot for eigen del. Kommunekraft AS driver "non-profit", det vil sei at selskapet sine teneste blir prisa slik at prisen berre dekkjer kostnadene ved rådgjevinga ovanfor kommunane, og ved å innhente tilbod frå aktørane i markanden. Selskapet sine prisar til ein kvar tid, går fram av selskapet sine standard provisjonskontrakter.

**Året 2019**
Eit normalår for selskapet. Det blir drive rimeleg likt frå år til år.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde driftsinntekter på 2 mill. kr i 2019, tilnærma likt som året før. Selskapet sitt rekneskap for 2019 viser eit resultat på 0,4 mill kr.

Selskapet har pr. 31.12.2019 ein eigenkapital på 2.32 mill. kr og ei total gjeld på 0,4 mill. kr. Dette gjev ein eigenkapitaldel på 85,1 % og ei gjeldsgrad på 0,2 som er svært solid.

Avkastinga på totalkapitalen og eigenkapitalen er solide.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 2 500
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar i selskapet for å få så gunstige inntekter som mogleg knytta til sal av vasskraft. Dette er ei stor inntektskjelde for kommunen.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 2 000 | 2 068 |
| Driftskostnader | 1 608 | 1 918 |
| Driftsresultat | 392 | 150 |
| Finansinntekter | 5 | 4 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 5 | 4 |
| **Årsresultat** | **397** | **154** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Immaterielle midlar | 40 | 80 |
| Finansielle midlar | | |
| Omløpsmidlar | 2 687 | 1 961 |
| **Sum eigedelar** | **2 727** | **2 041** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 320 | 320 |
| Opptent eigenkapital | 2 000 | 1 603 |
| Sum eigenkapital | 2 320 | 1 923 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 407 | 118 |
| Sum gjeld | 407 | 118 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **2 727** | **2 041** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 16,7 % | 15,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 18,7 % | 16 % |
| Eigenkapitalprosent | 85,1 % | 94,2 % |
| Gjeldsgrad | 0,2 | 0,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 6,6 | 16,6 |

# L/L SETESDAL BILRUTER

**Adm. dir.:** Terje Greibesland
**Styre:** Svein Arne Haugen (leiar), Sigmund Aune (nestleiar), Odd Håvard Dahle, Knut Hagen, Torunn Helene Langeid, Siri Lyngvi-Østerhus, Mardon Drangshold, Thorbjørn Hansen og Svein Tore Thorsen

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel**: 13,11 %



**LL Setesdal Bilruter** har anbodskontrakt i Setesdal og Åseral. Dei driv i tillegg med pasientreiser og godstransport. Selskapet er lokalisert på Evje.

Selskapet er eigd av både private aktørar og kommunar. Bykle kommune har ein eigardel på 13,11 % og er med den nest største eigaren.

Selskapet hadde 294 faste tilsette i 2019.

**Året 2019**
2019 har vore eit år prega av ordinær drift.

Godstransporten hadde ei omsetning på 3,9 mill. kr i 2018. Det er ei nedgong frå 2017, men med reduksjon i produksjonen gjer det likevel til at innteninga er betra på godstransport i 2018.

Selskapet driv også med kursverksemd både for interne og eksterne kandidatar.

**Samfunnsansvar**
Selskapet sin aktivitet forureinar det ytre miljøet. Selskapet jobbar kontinuerleg med å redusere forureining gjennom blant annet fornying av vognparken og redusert tomgangskøyring. Så godt som alle bussene har EURO6 motor.

Som leverandør av kollektivtransport har aktiviteten ein netto positiv effekt på miljøet.

**Økonomisk utvikling**
Konsernet omsette for 231,5 mill. kr i 2019. Det er ei auke på ca. 8 mill. kr frå 2018. Det er ei auke på 3,7 % samanlikna med året før.

Driftsresultatet i konsernet var på 10,2 mill. kr. Det er ein klar forbetring frå 2018 då resultatet var på 5,9 mill. kr. Årsresultatet gjekk opp frå 6 mill. kr i 2018 til 10,3 mill. kr i 2019.

Dei samla investeringane i konsernet utgjorde i 2019 2,8 mill. kr. og omfatta i hovudsak kjøp av busser og utstyr til verksemda.

Likviditetsbehaldninga i konsernet var på 57 mill. kr ved utgangen av 2019 med ein likviditetsgrad på 1,9 som er på eit godt nivå. Selskapet har ingen langsiktig gjeld.

Konsernet har ein veldig god soliditet med ein eigenkapitaldel på 62 % i 2019.

Dei økonomiske resultata i 2019 for konsernet som heilheit er bra med god avkastning både på total- og eigenkapital-rentabiliteten.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 32 675
2019: 37 675

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har vore eigar for å sikre arbeidsplassar og for å kunne påverke rutetrafikken i Setesdal. Men no er dette meir sentralt styrt. Så det bør vurderast i kva grad det er hensiktsmessig å ha ein eigardel i selskapet framover.

| | 2019 | 2018 |
|---|---:|---:|
| Driftsinntekter | 231 527 | 223 318 |
| Driftskostnader | 221 286 | 217 370 |
| Driftsresultat | 10 241 | 5 948 |
| Finansinntekter | 2 655 | 1 806 |
| Finanskostnader | 2 | 3 |
| Netto finanspostar | 2 652 | 1 803 |
| Resultat før skatt | 12 894 | 7 751 |
| Skattekostnad | 2 548 | 1 786 |
| **Årsresultat** | **10 346** | **5 965** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 2 122 | 2 205 |
| Varige driftsmidlar | 26 348 | 29 751 |
| Finansielle midlar | 9 672 | 8 601 |
| Omløpsmidlar | 102 586 | 92 172 |
| **Sum eigedelar** | **140 728** | **132 728** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 4 576 | 4 576 |
| Opptent eigenkapital | 82 642 | 75 610 |
| Sum eigenkapital | 87 218 | 80 186 |
| Avsetning for forpliktingar | 0 | 0 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 53 510 | 52 542 |
| Sum gjeld | 53 510 | 52 542 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **140 728** | **132 728** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 9,4 % | 5,7 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 15,4 % | 9,7 % |
| Eigenkapitalprosent | 62,0 % | 60,4 % |
| Gjeldsgrad | 0,6 | 0,7 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,9 | 1,8 |
| Utbytte | 3 313 | 4 970 |

**Dagleg leiar.:** Jørg Wember Westermann
**Styre**: Kjell Stundal (leiar), Renate Nedregård (nestleiar), Einar Ingolf Velde, Heidi Bjerga, Jon Rikard Kleven, May Britt Nielsen Tabak , Sigbjørn Gunnar Molvik og Tove Mette Bjørkmo

**Revisor**: Deloitte AS



**Norsk Bane AS** arbeider for eit nasjonalt, høgfarts banenett i Norge og til nabolanda. Selskapet har utvikla eit fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional-/InterCity- og godstrafikk tilpassa norske forhold og behov, med detaljerte traséplanar, økonomiske kalkylar og samfunnsmessige analyser. Norsk Bane sine største eigarar er kommunane Vinje, Suldal, Sauda, Odda og Bykle, og Rogaland fylkeskommune. Disse står for 57 % av aksjekapitalen. I tillegg har selskapet 22 andre offentlege og 321 private eigarar. Offentlege eigarar står for 73 % av aksjekapitalen.

Selskapet held til i Ålesund og har to tilsette.

**Året 2019**
2019 har vore eit aktivt år, med intensivt informasjonsarbeid, stor møteverksemd, etablering av Lyntogforum Gudbrandsdalen/Mjøsa og gjennomslag for utgreiing av høgfartsbaner i regjeringserklæringa til H, FrP, V og KrF i januar 2019. Norsk Bane AS har arbeidd vidare med utvikling av lyntogforum som eit viktig politisk, organisatorisk og økonomisk fundament for selskapet sitt arbeid. Norsk Bane AS er sekretariat for Lyntogforum Møre og Romsdal, Lyntogforum Gudbrandsdalen/Mjøsa og Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, med fylkesvise avdelingar i Hordaland, Rogaland og Telemark, samt for «Lyntogets Venner». Saman med lyntogfora er det sett i gong ein prosess for mogleg omorganisering og registrering som foreining.

**Samfunnsansvar**
I valkampen i 2019 var klima og motstanden mot sentralisering veldig aktuelle saker. Høgfartsbanar i et fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional- og godstrafikk vil vere eit av dei viktigaste tiltaka for å løyse båe desse problema. Det blir viktig å få fram dette òg i valkampen neste år, der disse sakene truleg på nytt vil vere sentrale.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 driftsinntekter på kr 2 mill kr, og det same i driftskostnader. Det er små verdiar i selskapet og det har vore drive mange år med underskot slik at mest all innskoten kapital er brukt opp. Eigenkapitalen til Norsk Bane AS var kr 67 479 ved utgongen av 2019, det er skote inn i overkant av 10 mill frå eigarane tidlegare.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 15 000
2019: 15 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med som eigar i selskapet fordi ein hurtigbane med stasjon på Haukeli naturlig nok vil ha positive ringverknad for både kommune, næringsliv og turisme.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 2 020 | 1 924 |
| Driftskostnader | 2 019 | 1 996 |
| Driftsresultat | 1 | -72 |
| Finansinntekter | 1 | 3 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 1 | 3 |
| Resultat før skatt | 2 | -69 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **2** | **-69** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 0 | 0 |
| Finansielle midlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 264 | 266 |
| Sum eigedelar | 264 | 266 |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 10 159 | 10 159 |
| Opptent eigenkapital | -10 092 | -10 094 |
| Sum eigenkapital | 67 | 65 |
| Avsetning for forpliktingar | 0 | 0 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 197 | 201 |
| Sum gjeld | 197 | 201 |
| Sum eigenkapital og gjeld | 264 | 266 |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,8 % | -20,8 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 3,0 % | -69,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 25,4 % | 24,4 % |
| Gjeldsgrad | 2,9 | 3,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,3 | 1,3 |

**Dagleg leiar:** Odd Terje Døvik
**Styre:** Stein A. Hannevik (styreleiar), Lars Petter Maltby, Ove Haugland, Bente Zeline Rist og Anita Aanonsen Jernquist.

**Revisor:** BDO
**Eigardel:** Indirekte 0,65 % gjennom eigarpost i Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS



**Returkraft AS** er eigd av kommunar i Agder. Bykle kommune er indirekte eigarar av Returkraft AS, gjennom sin Eigardel i Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. Selskapet eig og driv eit gjenvinningsanlegg på Langemyr i Kristiansand. Anlegget blei sett i drift i 2010.

Ved utgongen av 2019 hadde selskapet 41 tilsette.

Anlegget har kapasitet til å forbrenne omlag 130 000 tonn avfall per år. Energien i avfallet blir gjenvunne i form av elektrisk kraft og varmt vann til Kristiansands fjernvarmenett.

Forbrenningsanlegget tar imot restavfall frå hushalda og bedrifter i heile regionen, i tillegg til spesialavfall. Behandlinga av hushaldsavfall skjer til sjølvkost, regulert etter Forureiningslova.

**Samfunnsansvar**
Returkrafts verksemd er regulert av utsleppsløyve, og selskapet har en tett dialog med Fylkesmannen si miljøvern-avdeling for å sikre at alle relevante forhold knytt til denne blir dokumentert og ivaretatt.

Anlegget har ikkje utslepp av prosessvatn. Utslippa til luft er lågare enn det som er vanlig i bransjen, og ligg betydeleg under dei gjeldande utsleppsgrenser.

**Året 2019**
Anlegget hadde i 2019 en el-produksjon på 88,1 GWh mot 90,3 GWh i 2018. Saman med eit fjernvarmeuttak på 112 GWh bidrog dette til ei samla energiutnyttingsgrad på 61 % og ein energieffektivitet på 0,91. Den underliggande drifta var svært god i 2019, med låge utslepp og høg driftsstabilitet med gjennomsnittleg oppetid på 94 %.

**Økonomisk utvikling**
Samla driftsinntekter for selskapet i 2019 var 195 mill. kr. Det er ei auke på ca. 9 mill. kr frå 2018. Selskapet opererer med eit rekneskapsmessig skilje mellom «næring» og «hushald». Renovasjonsselskapa i regionen er selskapet sine største kundar og eigarar, og selskapet sin kredittrisiko blir difor vurdert til å vere avgrensa. Selskapet sine økonomiske resultat har vore gode i 2019. Selskapet har ein låg eigenkapitaldel, men eigenkapitaldelen har vist ei positiv utvikling dei seinare år. Også gjeldsgraden, som framleis er høg, er halvert den seinare tid.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune må levere renovasjonstjenester til sine innbyggarar og denne tenesta blir ivaretatt gjennom Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. Det har ikkje eige forbrenningsanlegg og treng å kjøpe denne tenesta av andre. Det er difor naudsynt at Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS er involvert i andre verksemder for å få fullført sitt oppdrag.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 194 871 | 185 774 |
| Driftskostnader | 155 318 | 145 648 |
| Driftsresultat | 39 553 | 40 126 |
| Finansinntekter | 995 | 1 316 |
| Finanskostnader | 28 379 | 16 119 |
| Netto finanspostar | -27 384 | -14 803 |
| Resultat før skatt | 12 169 | 25 323 |
| Skattekostnad | 5 351 | 3 316 |
| **Årsresultat** | **17 520** | **28 639** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 27 031 | 21 681 |
| Varige driftsmidlar | 1 088 855 | 1 129 520 |
| Finansielle midlar | 115 957 | 147 039 |
| Omløpsmidlar | 58 687 | 57 860 |
| **Sum eigedelar** | **1 290 530** | **1 356 099** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 10 000 | 10 000 |
| Opptent eigenkapital | 71 602 | 54 082 |
| Sum eigenkapital | 81 602 | 64 082 |
| Avsetning til forpliktingar | 701 | 934 |
| Annan langsiktig gjeld | 1 174 962 | 1 256 113 |
| Kortsiktig gjeld | 33 264 | 34 971 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 1 208 928 | 1 292 018 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **1 290 530** | **1 356 099** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 2,9 % | 2,9 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 16,7 % | 50,9 % |
| Eigenkapitalprosent | 6,3 % | 4,7 % |
| Gjeldsgrad | 14,8 | 20,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,8 | 1,7 |



**Adm. dir.:** Terje Greibesland
**Styre:** Svein Arne Haugen (leiar), Sigmund Aune (nestleiar), Odd Håvard Dahle, Knut Hagen, Torunn Helene Langeid, Siri Lyngvi-Østerhus, Mardon Drangshold, Thorbjørn Hansen og Svein Tore Thorsen

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel**: 13,11 % via LL Setesdal Bilruter

L/L SETESDAL BILRUTER

**SBR Transport AS** Er eigd av LL Setesdal Bilruter.

Selskapet var tidlegare Birkeland Busser AS. Aksjane blei seld ut av konsernet i 2014. Det er no minimal drift i selskapet, stort sett berre finansinntekter og mindre kostnader.

Selskapet har ingen tilsette.

**Året 2019**
Er eit normalår slik drifta har vore dei siste åra. Resultatet er avhengig av finansinntektene.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet har eit årsresultat og utvikling som er avhengig av finansinntektene. Elles er økonomien i selskapet veldig god. Det er god likviditet og tilnærma 100 % eigenkapital.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Selskapet er eigd av LL Setesdal Bilruter og Bykle kommune er indirekte eigar. Strategi på eigarskap vil følgje LL Setesdal Bilruter.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | | |
| Driftskostnader | -7 | 22 |
| Driftsresultat | 7 | -22 |
| Finansinntekter | 341 | 204 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 341 | 204 |
| Resultat før skatt | 348 | 182 |
| Skatt | 76 | 39 |
| **Årsresultat** | **271** | **143** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Varige driftsmidlar | 0 | 0 |
| Finansielle anleggsmidlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 18 068 | 17 764 |
| **Sum eigedelar** | **18 068** | **17 764** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 2 110 | 2 110 |
| Opptent eigenkapital | 15 837 | 15 566 |
| Sum eigenkapital | 17 947 | 17 676 |
| Langsiktig gjeld | 42 | 44 |
| Kortsiktig gjeld | 79 | 44 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 121 | 88 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **18 068** | **17 764** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 1,9 % | 1,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 1,5 % | 0,8 % |
| Eigenkapitalprosent | 99,3 % | 99,5 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 0,0 |
| Likviditetsgrad 1 | 228,7 | 403,7 |



**Adm. dir.:** Terje Greibesland
**Styre:** Svein Arne Haugen (leiar), Sigmund Aune (nestleiar), Odd Håvard Dahle, Knut Hagen, Torunn Helene Langeid, Siri Lyngvi-Østerhus, Mardon Drangshold, Thorbjørn Hansen og Svein Tore Thorsen

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel**: 13,11 %

L/L SETESDAL BILRUTER

**Setesdal Bilruter Eigedom AS** eig eigedomane og andre driftsmidlar som blir leigd ut til konsernet knytta til LL Setesdal Bilruter.

Selskapet har ingen tilsette.

**Året 2019**
Det er eit normalt år for selskapet som normalt sett ligg på ei leigeinntekt på i underkant av kr 1,8 mill.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet si inntekt utgjer leigeinntekter frå konsernet.

Selskapet sin eigenkapital og finansiering blir vurdert som tilfredsstillande slik drifta er.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Selskapet er eigd av LL Setesdal Bilruter og Bykle kommune er indirekte eigar. Strategi på eigarskap vil følgje LL Setesdal Bilruter.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 1 731 | 3 231 |
| Driftskostnader | 1 293 | 4 993 |
| Driftsresultat | 438 | -1 762 |
| Finansinntekter | 1 | 2 |
| Finanskostnader | 108 | 189 |
| Netto finanspostar | -106 | -187 |
| Resultat før skatt | 332 | -1 949 |
| Skattekostnad | 73 | -438 |
| **Årsresultat** | **259** | **-1 512** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Immaterielle midlar | 358 | 234 |
| Varige driftsmidlar | 8 465 | 9 231 |
| Finansielle midlar | 103 | 103 |
| Omløpsmidlar | 437 | 5 484 |
| **Sum eigedelar** | **9 363** | **15 052** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 2 895 | 2 895 |
| Opptent eigenkapital | 1 474 | 1 215 |
| Sum eigenkapital | 4 369 | 4 110 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Annan langsiktig gjeld | 4 788 | 10 545 |
| Kortsiktig gjeld | 205 | 398 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 4 993 | 10 943 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **9 363** | **15 053** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 3,6 % | -13 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 7,8 % | -56 % |
| Eigenkapitalprosent | 46,7 % | 27,3 % |
| Gjeldsgrad | 1,1 | 2,7 |
| Likviditetsgrad 1 | 2,1 | 13,8 |

SETESDAL

**Kontaktperson:** Connie Barthold
**Styre:** Connie Barthold (leiar), Terje Greibesland (nestleiar) Olav Neset, Torleif Vatnestrøm, Torhild Hornnes og Signe Berit Sollien Haugå

**Revisor:** RSM Norge AS
**Eigardel:** 2,398 % og indirekte via LL Setesdal Bilruter som eigar 5,036 %



**Setesdal informasjons og kompetansesenter AS** har som formål å oppføre bygg som skal leigast bort til regional reiselivsorganisasjon for drift av regionalt informasjons- og kompetansesenter.
Selskapet har ikkje eigne tilsette.

**Året 2019**
Det har vore etter måten lite aktivitet i selskapet i 2019.

**Økonomisk utvikling**
Totale driftsinntekter er 190 00 kr, men etter fråtrekk av driftskostnader, netto finans og skatt blei årsresultatet for 2019 0 kr, medan selskapet hadde eit positivt årsresultat på 45 000 kr i 2018.
Det er berre mindre endringar i balansen frå 2018 til 2019. Kortsiktig leverandørgjeld er redusert. Selskapet har ikkje langsiktig gjeld.
Selskapet har høg eigenkapitalprosent, låg gjeldsgrad og god likviditetsgrad.
Selskapets økonomi blir vurdert som solid.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med som medeigar i selskapet for å bidra med utleigebygg til selskap som skal utvikle reiseliv i Setesdal-regionen.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 190 | 244 |
| Driftskostnader | 191 | 189 |
| Driftsresultat | -2 | 55 |
| Finansinntekter | 2 | 2 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 2 | 2 |
| Resultat før skatt | 1 | 57 |
| Skattekostnad | 0 | 12 |
| **Årsresultat** | **0** | **45** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 1 583 | 1 621 |
| Finansielle midlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 683 | 663 |
| **Sum eigedelar** | **2 266** | **2 284** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 2 085 | 2 085 |
| Opptent eigenkapital | 90 | 89 |
| Sum eigenkapital | 2 175 | 2 174 |
| Avsetning til forpliktingar | 25 | 25 |
| Annan langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 67 | 85 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 91 | 110 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **2 266** | **2 284** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 0,0 % | 2,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 0,0 % | 2,6 % |
| Eigenkapitalprosent | 96,0 % | 95,2 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 0,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 10,3 | 7,8 |

**Adm. dir.:** Jan Gunnar Østerhus
**Styre:** Lars-Ivar Gjørv (leiar), Anne Sofie Opsahl Hornnes (nestleiar), Vidar Johnsen, Irene Moe, Henri Tore Viki og Charlotte Wehus Amundsen

**Revisor:** Team Revisjon AS
**Eigardel:** 20 %



**Setpro AS** er eigd med lik eigardel (20 %) av kommunane Bygland, Iveland, Valle, Evje og Hornnes og Bykle. Selskapet leverer arbeids- og inkluderingstenester i heile Setesdal. I samarbeid med NAV blir det levert fleire tiltak som varig, tilrettelagt arbeidsførebuande trening. Setpro AS arbeider for å levere produkt og tenester av høg kvalitet og med konkurransedyktige prisar. Setpro AS utrustar og kvalifiserer sine tilsette og deltakarar, og tilbyr ein arbeidsplass med gode og varierte arbeidsoppgåver. Det er avdeling både på Evje og i Valle, der dei har ulike produksjonsavdelingar, blant anna treproduksjon, matlevering og vaskeri.

I tillegg driv dei ein butikk på Evje som sel nytt og brukt. Setpro AS hadde ved utgongen av 2019 29 tilsette.

**Året 2019**
Drifta i selskapet har halde fram med aukande omsetning og aktivitet gjennom mange år. Den gode utviklinga heldt fram også i 2019.
Selskapet har arbeidd med å auke kompetansen for ordinært tilsette. På tiltaksida blir det arbeidd for å kunne skrive ut kompetansebevis i samarbeid med brukarar av tiltak.

**Samfunnsansvar**
Selskapet jobbar med å få fleire menneske i arbeid på ulike måtar:

- Varig tilrettelagt arbeid
- Kartleggjing og avklaring
- Arbeidspraksis
- Helse og rehabilitering og oppfølgjing av sjukemeldte.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet har frå 2013 hatt ein jamn auke i omsetninga frå i overkant av 14,6 mill kr til over 20 mill kr. Det har vore overskot i alle år i takt med omsetningsauken.
Driftskostnadane aukar i takt med inntektene. Selskapet hadde i 2019 driftsinntekter på 20,67 mill. kr. Driftskostnadane var 19,74 mill. kr. Selskapet sitt årsresultat enda på 0,67 mill. kr. Pr. 31.12.2019 hadde Setpro AS ein eigenkapitaldel på 33 % som blir vurdert som tilfredsstillande og selskapet hadde ved årsskiftet ein forsvarleg likviditet.
Gjeldsgraden har auka mykje i 2018 som følgje av store investeringar.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 136 465
2019: 138 889

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 206 116
2019: 138 889

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har i samarbeid med dei fire andre kommunane drive Setpro AS sidan 1990. Selskapet bidreg til at brukarar av tenestene opplever auka livskvalitet, meistringskjensle og får fleire ut i løna, ordinært arbeid. Dette bidreg att til auka velferd i kommunane i form av auke i skatteinntekter, lågare sosiale kostnader osv.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 20 671 | 20 948 |
| Driftskostnader | 19 746 | 20 037 |
| | | |
| Driftsresultat | 925 | 911 |
| Finansinntekter | 84 | 73 |
| Finanskostnader | 306 | 163 |
| Netto finanspostar | -222 | -90 |
| Resultat før skatt | 703 | 821 |
| Skattekostnad | 33 | 35 |
| **Årsresultat** | **671** | **786** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 16 907 | 17 588 |
| Finansielle midlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 8 570 | 7 901 |
| **Sum eigedelar** | **25 477** | **25 489** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 1 520 | 1 520 |
| Opptent eigenkapital | 6 881 | 6 210 |
| Sum eigenkapital | 8 401 | 7 730 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Annan langsiktig gjeld | 14 250 | 14 850 |
| Kortsiktig gjeld | 2 826 | 2 909 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 17 076 | 17 759 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **25 477** | **25 489** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 4,0 % | 5,7 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 8,7 % | 11,2 % |
| Eigenkapitalprosent | 33,0 % | 30,3 % |
| Gjeldsgrad | 2,0 | 2,3 |
| Likviditetsgrad 1 | 3,03 | 2,72 |

**Dagleg leiar:** Knut-Erik Lyngroth
**Styre:** Per Gunnar Strømberg Rasmussen (leiar), Alf Reidar Birkeland, Ragnar Igebrigtser, Terje Greibesland

**Revisor:** KPMG AS
**Eigardel:** 6,55 % indirekte via LL Setesdal Bilruter

**Trucknor Setesdal AS** er eigd 50/50 av LL Setesdal Bilruter og Trucknor Kristiansand AS. Lokala blir leigd av Setesdal Bilruter Eigedom AS på Evje.

Selskapet driv verkstad innan service og reparasjon av bilar, lastebilar og bussar.
Selskapet har i 2019 8 tilsette.

**Året 2019**
Året er eit relativt normalt år for selskapet.

**Økonomisk utvikling**
Trucknor Setesdal AS hadde ei omsetning på nivå med fjoråret på rundt 8,7 mill kr som gav eit årsresultat på 0,687 mill kr, mot 0,771 mill kr året før.
Både totalkapital- og eigenkapitalrentabiliteten er god i selskapet.
Selskapet har god soliditet med en eigenkapitaldel på 54,2 % og en tilfredsstillande likviditet med en likviditetsgrad 1 på 2,72.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Selskapet er indirekte eigd via LL Setesdal Bilruter og følgjer eigarstrategien i det selskapet.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 8 713 | 8 787 |
| Driftskostnader | 7 801 | 7 730 |
| Driftsresultat | 912 | 1 057 |
| Finansinntekter | 41 | 12 |
| Finanskostnader | 61 | 64 |
| Netto finanspostar | -20 | -52 |
| Resultat før skatt | 892 | 1 005 |
| Skattekostnad | 206 | 234 |
| **Årsresultat** | **687** | **771** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Immaterielle midlar | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 861 | 1 136 |
| Finansielle midlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 4 548 | 4 459 |
| **Sum eigedelar** | **5 409** | **5 595** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 100 | 100 |
| Opptent eigenkapital | 2 833 | 2 646 |
| Sum eigenkapital | 2 933 | 2 746 |
| Avsetning til forpliktingar | 8 | 49 |
| Annan langsiktig gjeld | 799 | 1 016 |
| Kortsiktig gjeld | 1 669 | 1 833 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 2 476 | 2 898 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **5 409** | **5 644** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 17,2 % | 20,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 31,4 % | 37,8 % |
| Eigenkapitalprosent | 54,2 % | 48,7 % |
| Gjeldsgrad | 0,8 | 1,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 2,72 | 2,43 |

**Dagleg leiar:** Synnøve E. Aabrekk
**Styre:** Per A Aamot (leiar), Siw Wiken (nestleiar), Arild Eielsen, Helle Geheb, Håvard Iglebæk Solum, Liv Øyulvstad og Kristin Sæthe Bondevik

**Revisor:** KPMG
**Eigardel:** ukjent



**USUS AS** (tidlegare Visit Sørlandet) er ei næringsklyge for reiseliv, kultur og opplevingsnæring.
Selskapets formål er å vere den leiande innovasjonspartnaren for reiseliv, kultur og opplevingsnæring i regionen.

Selskapet skal i tillegg arbeide med synlegheit og posisjonering av regionen som reisemål i samarbeid med næringa, kommunar og fylkeskommunar. Selskapet skal arbeide i eit gjensidig forpliktande samarbeid med reiseliv, kultur og opplevingsnæringa. Selskapet har ikkje erverv som formål. Eventuelt overskot skal nyttast til å fremje selskapet sitt formål.

Selskapet hadde ved utgonga av 2019 fire faste stillingar.

**Året 2019**
I 2019 byrja selskapet ein strategiprosess for å fornye dei strategiske retningane. Denne prosessen skal sluttførast i 2020.

Inn til då gjeld følgjande strategiske fundament:

Gjenkjøp – fordi eksisterande partnarar er våre beste marknadsførarar, og fordi det er lønsamt å utvikle eksisterande kunderelasjonar.

Nye gjestedrivarar – fordi partnarar i USUS har ambisjonar om å ta større del av den aukande internasjonale gjestestilstrøyminga.

Selskapet har fokus på å jobbe saman med partnerane i klynga mot å utvikle landsdelen som ein mønsterregion for god gjestehandtering av nye og eksisterande gjester. Ved utgonga av 2019 har USUS 125 næringspartnarar. Det er to færre enn i 2018. Arbeidet med å være meir synleg ovanfor potensielle nye partnarar blir forsterka og vidareført i 2020. USUS har ansvaret for å koordinere, fasilitere og gjennomføre felles marknadsaktivitetar som bidreg til å synleggjere Sørlandet som reisemål. USUS er involvert i mange ulike aktivitetar. Dei var vertskap for stort pressebesøk i samband med opninga av Under, dei har laga film og er bransjerettleiar i samarbeid med Visit Norway.

**Økonomisk utvikling**
Selskapets inntektsgrunnlag består av medlemsavgift frå næringa, løyvingar, prosjektinntekter og inntekter frå sal av tenester til næringa og kommunar i Agder. Resultatet for 2019 viser eit positivt årsresultat på 3,1 mill. kr. Opptent eigenkapital er auka frå 3 mill. kr i 2018 til 6 mill. kr i 2019. Selskapet har med det ein eigenkapitaldel på 85,7 % som er svært solid.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 36 000
2019: 36 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med som partnar i USUS AS for å fremje reiseliv, kultur og oppleving. Dette er viktige satsingsområde for kommunen.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 15 377 | 13 254 |
| Driftskostnader | 12 073 | 12 761 |
| Driftsresultat | 3 073 | 494 |
| Finansinntekter | 10 | 8 |
| Finanskostnader | 6 | 114 |
| Netto finanspostar | 4 | -106 |
| Resultat før skatt | 3 077 | 388 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **3 077** | **388** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle eigedelar | 0 | 0 |
| Varige driftsmidlar | 105 | 166 |
| Finansielle anleggsmidlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 12 496 | 9 571 |
| **Sum eigedelar** | **12 601** | **9 736** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 4 680 | 4 680 |
| Opptent eigenkapital | 6 119 | 3 043 |
| Sum eigenkapital | 10 799 | 7 723 |
| Kortsiktig gjeld | 1 802 | 2 014 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **12 601** | **9 736** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 27,6 % | 4,8 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 33,2 % | 5,1 % |
| Eigenkapitalprosent | 85,7 % | 79,3 % |
| Gjeldsgrad | 0,2 | 0,3 |
| Likviditetsgrad 1 | 6,9 | 4,8 |

**Dagleg leiar:** Anne-Hege Svartdal
**Styre:** Christer Lampi Sørensen (leiar), Katrine Samdal Strand (nestleiar), Arve Høiberg, Geir Helge Espedalen, Halvor Brynjulfsrud Haukaas, Håkon Nordby, Kjersti Hole Haatveit, Janne Lindgren, Pål Kleffelgård og Renè Langeveld Sas

**Revisor:** E&Y
**Eigardel**: 1,147 % og 0,573 % via Destinasjon Hovden AS




**Visit Telemark AS** er eit koordinerande organ for reiselivet i Telemark. Dei driv nettportalen visittelemark.no

Nettportalen er utvikla i samarbeid med ein rekke aktørar i fylket både private og kommunale.

Selskapet hadde 8 tilsette ved utgongen av 2019.

**Året 2019**
Selskapets drift varierer noko etter kor stor aktivitet og kva slags kampanjer det blir laga.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 driftsinntekter på 15,9 mill. kr mot 16,9 mill. kr i 2018. Driftskostnadane utgjorde 15,6 mill. kr slik at selskapet etter netto finans fekk eit årsresultat på 0,2 mill. kr.

Eigenkapitalen var på 3,4 mill. kr med en eigenkapitaldel på 54,1 % som er svært solid.

Avkastninga på total- og eigenkapitalen var positiv i 2019 og mykje betre enn i 2018, selskapet sin likviditet og soliditet er på eit solid nivå.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har ikkje nokon uttalt strategi på eigarskapet i dette selskapet.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 15 928 | 16 938 |
| Driftskostnader | 15 665 | 16 752 |
| Driftsresultat | 263 | 186 |
| Finansinntekter | 27 | 5 |
| Finanskostnader | 28 | 164 |
| Netto finanspostar | -1 | -159 |
| Resultat før skatt | 262 | 27 |
| Skattekostnad | 58 | 25 |
| **Årsresultat** | **204** | **2** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle eigedelar | | |
| Varige driftsmidlar | | |
| Finansielle anleggsmidlar | 175 | 200 |
| Omløpsmidlar | 6 158 | 7 255 |
| **Sum eigedelar** | **6 333** | **7 455** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 1 039 | 1 039 |
| Opptent eigenkapital | 2 389 | 2 184 |
| Sum eigenkapital | 3 428 | 3 223 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 2 905 | 4 231 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 2 905 | 4 231 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **6 333** | **7 454** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 4,2 % | 3,2 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 7,9 % | 0,8 % |
| Eigenkapitalprosent | 54,1 % | 43,2 % |
| Gjeldsgrad | 0,8 | 1,3 |
| Likviditetsgrad 1 | 2,1 | 1,7 |

# Interkommunale selskap

Eit interkommunalt selskap (IKS) etter lov om interkommunale selskap kan berre opprettast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap.

**Revisjonsdirektør:** Tor Ole Holbek
**Styre:** Per Kåre Selle (leiar), Britt I. Andersen (nestleiar), Elfie Dørum, Bjørn Ropstad og Christian Eikeland

**Revisor:** Telemark kommunerevisjon IKS
**Eigardel:** 4 % %



**Agder Kommunerevisjon IKS** er eit interkommunalt selskap og er eigd av kommunane Kristiansand, Songdalen, Søgne, Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Vest-Agder fylkeskommune.

Selskapet har som formål å utføre revisjon og ha tilsyn med dei deltakande kommunane i høve til kommunelova, og tilhøyrande forskrifter om revisjon og kontrollutval. Tilsvarande gjeld også for kommunale føretak og interkommunale selskapa som deltakarane er medeigar i.

**Året 2019**
Kommunerevisjon skal vere eit høgkompetent fagorgan som skal gje alle eigarar svært gode tenester, og strategien inneheld fleire hovudfokusområde som framhevar dette.

I 2019 har selskapet hatt eit klart fokus om å være synleg ovanfor kundar, samarbeidspartnerar og politikarar. Selskapet har fokus på å være aktiv på politiske møter og være tilgjengeleg for eigarane på spørsmål og annan form for bistand som ein ønskjer.

Revisjonen har også i 2019 arbeidet bevisst for å redusere løpande driftsutgifter, og vil framleis ha fokus på kostnadseffektiv drift samtidig som krava til revisjonsfagleg kvalitet skal oppretthaldast.

Det har i 2019 vore 15 tilsette i selskapet. Totalt sjukefråvær i 2019 var på 1,5 %.

**Samfunnsansvar**
Verksemda er av ein karakter som ikkje forureinar det ytre miljø i særleg grad. Selskapet er IA (inkluderande arbeidsliv) bedrift og følgjer for øvrig HMS-handboka til Kristiansand kommune.

**Økonomisk utvikling**
Selskapets driftsinntekter for 2019 var 19,0 mill. kr, der tilskot frå eigarkommunane utgjorde 13,6 mill. kr. Drifts-utgiftene var 18,3 mill. kr. Netto driftsresultat for 2019 er 0,82 mill. kr.

Pr. 31.12.2019 utgjer selskapet sitt disposisjonsfond 8,8 mill. kr og total eigenkapital i selskapet er 11,3 mill. kr som giev ein eigenkapitaldel på 23,2 %. Av total gjeld på 37,3 mill. kr utgjer framtidig pensjonsforplikting med 34,3 mill. kr den største posten. Aukinga i eigenkapital i selskapet frå året før blir tilskrive i stor grad ny aktuarberekning av framtidig pensjonsforplikting i selskapet der framtidige avsetningar er nedskalert i verdi.

Selskapet har ei fornuftig finansiering tatt omsyn til selskapet sin balanse.

Eigenkapitalandelen har auka samanlikna med året før, medan likviditeten er god.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 703 325
2019: 719 650

**Eigarstrategi**
Bykle er medeigar for å sikre ein god leverandør av lovpålagte revisjonstenester.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 18 978 | 18 924 |
| Driftskostnader | 18 333 | 19 035 |
| Brutto driftsresultat | 645 | -111 |
| Finansinntekter | 175 | 167 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 175 | 167 |
| **Netto driftsresultat** | **820** | **56** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 35 859 | 34 959 |
| Omløpsmidlar | 12 727 | 12 114 |
| **Sum eigedelar** | **48 586** | **47 073** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 11 269 | 7 610 |
| Langsiktig gjeld | 34 325 | 36 360 |
| Kortsiktig gjeld | 2 992 | 3 103 |
| Sum gjeld | 37 317 | 39 463 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **48 586** | **47 073** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 1,7 % | 0,1 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 8,7 % | 1,0 % |
| Eigenkapitalprosent | 23,2 % | 16,2 % |
| Gjeldsgrad | 3,3 | 5,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 4,3 | 3,9 |

AUST-AGDER MUSEUM OG ARKIV IKS

**Dagleg leiar.:** Jan Ledang
**Styre:** Per Norstrøm (leiar), Vidar Hallvardsson Homme (nestleiar), Kirsten Marie Bråten Berg, Kristin Lundby, Ragnhild Sigurdsøn, Leonhard Bjarne Jansen, Monika Kurszus Håland

**Revisor:** Aust Agder Revisjon IKS
**Eigardel**: 2 %



**Aust-Agder Museet IKS (AAma)** blei etablert i 2015 då Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS, Setesdalsmuseet IKS og Stiftelsen Grimstad by sine museum blei slått saman. AAma har både arkiv- og museumsfunksjonar, og består av fire avdelingar som held til på tre administrative stader: KUBEN i Arendal, Setesdalsmuseet på Rysstad og Sjøfartsmuseet i Aust-Agder i Grimstad. Eigarskapet til bygg og samlingar ligg i all hovudsak hos stiftelsane og kommunane.

**Året 2019**
Var preget av store omstillingskrav som museums- og arkivsektoren no er inne i. Det blir arbeidd med ei ny organisering som eitt Agder-fylke og samarbeidet med Vest-Agder Museet (VAM) og det interkommunale er styrka. Det har vore ei stor satsing på digital formidling. KUBEN har hatt heile 83 000 digitale besøkande på sine ulike nettsider.

Totalt 53 503 besøkte dei ulike musea, derav 21 198 besøk var på Setesdalsmuseet. Det er satt i gong eit arbeid med å byggje ei ny stavkyrkje i Setesdal. Stiftelsen «Stavkyrkja» er tildelt midlar frå Valle Sparebank og Valle kommune.

Setesdalsmuseet har ansvar for å drive Bjoren. Dampbåten er eigd  av Bygland kommune som også har overordna ansvar for vedlikehald. Det er framleis noko underskot på drifta. I 2019 vedtok styret at bygningsvern skal vere eit eige satsingsområde med Setesdal bygningsvernsenter som nav.

Det var ved utgangen av 2019 57 årsverk, 50 er fast tilsette. Det er høg aktivitet i feriar og det er mange ferievikarar som bidreg til drifta. Det vert meldt om lågt sjukefråver og godt arbeidsmiljø.

**Samfunnsansvar**
Drifta av Bjoren medfører noko utslepp. Museet har Miljøfyrtårnarbeid ved KUBEN. Ut over dette bidreg ikkje museet sine avdelingar til skadeleg påverknad av det ytre miljøet.

**Økonomisk utvikling**
Året si totale inntekt utgjorde 70,9 mill. kr. Av dette utgjer tilskot til samen 65,1 mill. kr. Årsregnskapet viser eit netto driftsresultat på 3,2 mill. kr. Museet har eit samla fond på 13,9 mill. kr og 8,51 mill. kr er avsett til bundne driftsfond. Selskapet har hatt godt økonomiske resultat i 2019 og eigenkapitalen i selskapet utgjer no 150 mill. kr som gjev ein eigenkapitaldel på 41,4 %. Likviditeten i selskapet er tilfredsstillande.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 572 082
2019: 586 142

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 91 639
2019: 141 390

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å fremje interessene til Setesdalsmuseet. Museum er ein viktig del av kulturarven i kommunen.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 70 954 | 67 564 |
| Driftskostnader | 66 632 | 61 793 |
| Driftsresultat | 4 322 | 5 771 |
| Finansinntekter | 754 | 1 288 |
| Finanskostnader | 11 439 | 11 302 |
| Netto finanspostar | -10 685 | -10 014 |
| Motpost avskriving | 9 607 | 9 236 |
| **Netto driftsresultat** | **3 244** | **4 993** |
| | | |
| **Interne finanstransaksjonar** | | |
| Bruk av avsetningar | 2 272 | 2 342 |
| Avsetningar | 3 409 | 5 376 |
| **Rekneskapsmessig resultat** | **2 107** | **1 959** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 326 667 | 332 617 |
| Omløpsmidlar | 35 523 | 32 839 |
| **Sum eigedelar** | **362 190** | **365 456** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 149 975 | 150 788 |
| Langsiktig gjeld | 202 120 | 205 177 |
| Kortsiktig gjeld | 10 095 | 9 491 |
| Sum gjeld | 212 215 | 214 668 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **362 190** | **365 456** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 4,0 % | 4,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 2,2 % | 3,4 % |
| Eigenkapitalprosent | 41,4 % | 41,3 % |
| Gjeldsgrad | 1,4 | 1,4 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,2 | 0,2 |

KONSESJONSKRAFT IKS
– vaktar rettane og tek vare på verdien

**Dagleg leiar**: Glenn Qvam Håkonsen
**Styre:** Jon Rolf Næss (leiar), Gro Bråten (nestleiar) Bjørn Alfred Ropstad, Bjørn Gunnar Baas, Inger Lise Lund Stulien, Nils Olav Larsen og Torunn Ostad

**Revisor:** BDO AS

**Eigardel:** 10,85 %



**Konsesjonskraft IKS (KIKS)** er eit unikt interkommunalt samarbeid mellom Agder fylkeskommune og 19 kommunar i Agder.

Samarbeidet starta i Aust-Agder i 1984, og blei utvida med Vest-Agder i 2014. Konsesjonskraft IKS syter for at konsesjonskrafta blir omsett i marknaden og prissikra i samsvar med den fastsette risikostrategien. Slagordet er: «Vaktar og forsvarar rettane, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane.»

Selskapet byggjer kompetanse lokalt og arbeider for å sikre Konsesjonskraftordninga samtidig som dei skal sikre deltakarane gode inntekter av krafta. Disse inntektene er viktige for både den kommunale velferdsproduksjonen og for utvikling av infrastruktur og næringsliv i regionen. Selskapet sin overordna målsetting er å være ein ledande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

**Definisjon av konsesjonskraft:**
Kommunar har rett på ca. 10 % av kraftmengdene i eit kraftverk, inntil totalt forbruk i kommunen, dersom dei er kraftverkskommune, fallkommune eller magasinkommune. Har kommunen rett på meir kraft enn forbruket er i kommunen, tilfall overskytande kraftmengde fylkeskommunen, dersom ikkje anna er avtalt. Krafta det her tales om kallas konsesjonskraft, og er heilt vanlig vasskraft.

**Året 2019**
Hele Konsesjonskraftordninga ble foreslått fjernet i kraftskatteutvalet sin rapport (NOU 2019:16). KIKS reagerte og samen med LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar) og kraftselskapa ble det lagt eit stort press på myndigheitene og i januar 2020 kom meldinga om at faren var over for denne gang og NOU'en var lagt i en skuff. 2019 var elles eit år med høye kraftprisar og da aukar inntektene til KIKS. Med tilsvarande høye utbetalingar til eigarane.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit positivt netto driftsresultat på 156 mill kr. Dette er eit veldig godt resultat og medførte også høye utbytter til eigarane.

Selskapets eigenkapital er solid med 159,6 mill kr opp frå 157,7 mill kr året før. Samlet gjeld er økt frå 195 mill. kr i 2018 til 273 mill. kr i 2019 og hengar samen med økte utbytter til eigarane. Selskapet har god likviditet til utbetaling.

Selskapets avkastning på både total- og eigenkapitalen er ekstremt god i 2019. Selskapet hadde ved utgangen av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 58,3%.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å få så mykje som mogleg for sin vasskraft. Samt utvikle og behalde kompetanse lokalt.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 255 384 | 221 051 |
| Driftskostnader | 108 555 | 106 641 |
| Brutto driftsresultat | 146 829 | 114 410 |
| Finansinntekter | 9 691 | 1 205 |
| Finanskostnader | 478 | 1 674 |
| Netto finanspostar | 9 213 | -469 |
| **Netto driftsresultat** | **156 042** | 113 941 |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 333 | 418 |
| Omløpsmidlar | 273 317 | 194 939 |
| **Sum eigedelar** | **273 650** | **195 357** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 159 647 | 157 758 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 114 004 | 37 599 |
| Sum gjeld | 114 004 | 37 599 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **273 650** | **195 357** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 66,7 % | 61,2 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 98,3 % | 74,6 % |
| Eigenkapitalprosent | 58,3 % | 80,8 % |
| Gjeldsgrad | 0,7 | 0,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 2,4 | 5,2 |
| Utbytte | 154 154 | 103 854 |
| Bykle kommune - utbytte | 19 570 | 13 013 |

**Dagleg leiar:** Mikael Skyflyer Kristiansen
**Styre:** Dag Haugland (leiar), Liv Åsne Austad Andersen, Albert Kjetså, Olav Nese, Stig Ertzeid, Lasse Hornnes, Torunn Charlotte Nyberg
**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS
**Eigardel:** 18,8 %




**Setesdal Brannvesen IKS** er eit interkommunalt selskap eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommune. Selskapet skal ivareta deltakarane sine oppgåver, plikter og behov innanfor brann og eksplosjonsvern, ulykkes- og redningsberedskap, brannførebyggjing og kontrolloppgåver og andre tilhøve som naturleg høyrer inn under dette formålet, ivaretaking av plikter og oppgåver knytta til naudmeldingssentralane (110-sentral) og oppgåver knytta til akutt forureining.

Selskapet har sitt hovudkontor i Evje og Hornnes kommune. Det er brannstasjonar i Iveland, Byglandsfjord, Bygland, Rysstad, Velle, Bykle og Hovden.

**Året 2019**
Det er per i dag 6 faste heiltidstilsette og 80 mannskap på deltid fordelt på 8 brannstasjonar. Det er ved visse stasjonar ei marginal bemanning i dag. Både på tal av tilsette, men også i høve til nødvendig kritisk kompetanse (eks. sertifikat). Det er påbegynt ei større ROS-analyse (styresak PS 22/19,30.10.19) for å vurdere framtidig forsvarleg bemanning i Setesdal brannvesen.

I 2015 vedtok representantskapet ein 10-årig plan for større investeringar i køyretøy. Styret vedtok i oktober ei endring i investeringsrekkefølgje, og også litt av innhaldet. Det er gjort som følgje av prioritet av å byte om køyretøy utan tryggingsbelte, og for å tilpasse planen til utvikling og naturlege behovsendringar. Endringane skal ikkje medføre endringar i dei økonomiske vilkåra.
Setesdal brannvesen IKS går mot et meirforbruk på ca. 0,6 mill kr grunna løn til to brannsjefar i fire månader, som følgje av tilsetting av ny brannsjef. Det har også vore ekstra kostnader på service av blant annet lift.
Ekstrakostnader ved sertifikat/ utdanning. Det har også vore ein del ekstra kostnader knytt til arbeidsmiljøundersøking.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet har i 2019 eit resultat på 0,023 mill. kr. Selskapets eigenkapital utgjer 10,5 mill. kr pr. utgangen av 2019.
Selskapet har god likviditet og tykkjest ha ei fornuftig finansiering med ein eigenkapitaldel på 28,5 %.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 2 867 786
2019: 2 575 285

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 1 913 803
2019: 1 266 979

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å sikre tilfredsstillande lovpålagte tenester knytt til brann og redning for kommunen.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 15 582 | 19 150 |
| Driftskostnader | 17 083 | 19 751 |
| Brutto driftsresultat | -1 501 | -601 |
| Finansinntekter | 105 | 82 |
| Finanskostnader | 620 | 350 |
| Netto finanspostar | -515 | -268 |
| Motpost avskrivingar | 1 419 | 1 125 |
| Ordinært resultat | -597 | 256 |
| Avsetningar | 623 | 279 |
| **Rekneskapsmessig resultat** | **26** | **535** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 20 397 | 17 903 |
| Finansielle anleggsmidlar | 11 310 | 10 025 |
| Omløpsmidlar | 5 218 | 7 782 |
| **Sum eigedelar** | **36 925** | **35 710** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 10 519 | 11 143 |
| Langsiktig gjeld | 22 042 | 17 788 |
| Kortsiktig gjeld | 4 364 | 6 779 |
| Sum gjeld | 26 406 | 24 567 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **36 925** | **35 710** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 1,8 % | 3,8 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 0,2 % | 4,9 % |
| Eigenkapitalprosent | 28,5 % | 31,2 % |
| Gjeldsgrad | 2,5 | 2,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,2 | 1,1 |

**Setesdal IKT IKS** et interkommunalt selskap eigd av Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommune. Selskapet vart stifta i 2011.

Samarbeidet skal dekke dei deltakande kommunar sine behov, plikter og oppgåver innanfor IKT - tenester, og skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Samarbeidet skal ivareta deltakarkommunanes oppgåver knytt til drift, service og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

40% av utgiftene skal blir fordelt likt mellom de fem kommunane. 60% skal bli fordelt etter folketalet i kommunane, basert på SSB sin statistikk per 01.07. året før det aktuelle driftsåret.

Dei eigedelar den enkelte kommune tar inn i samarbeidet i forbindelse med stiftelsen, blir denne kommunes eigedom.

**Året 2019**
Selskapet har eit normalt driftsår.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit positivt netto rekneskapsmessig resultat på 0,171 mill kr.

Selskapets eigenkapital er noko låg med 0,830 mill kr ned frå 1 mill kr året før. Samla gjeld er tilnærma lik og ligg i overkant av 10 mill kr.

**Dagleg leiar**: Lars Erik Domaas
**Styre:** Karina Sloth Grindland (leiar), Frantz Are Leonard Nilsen, Sten Albert Reisænen, Aasmund Lauvdal, Aud Sunniva Fuhr

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** 20 %

Selskapet hadde ved utgangen av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 18,6%.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 1 511 632
2019: 1 437 730

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 1 646 313
2019: 1 437 730

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å sikre tilfredsstillande IKT-tenester i kommunen si verksemd. Det er i 2021 satt i verk ein prosess for mogleg samarbeidd med andre IKT-selskap i Agder.



| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 20 552 | 20 591 |
| Driftskostnader | 20 639 | 20 111 |
| Brutto driftsresultat | -87 | 481 |
| Finansinntekter | 5 | 5 |
| Finanskostnader | 110 | 223 |
| Netto finanspostar | -106 | -218 |
| Motpost avskrivingar | 552 | 478 |
| Ordinært resultat | 360 | 741 |
| Avsetningar | -188 | -180 |
| **Reknskapsmessig resultat** | **171** | **561** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 1 067 | 1 064 |
| Finansielle anleggsmidlar | 3 737 | 3 307 |
| Omløpsmidlar | 6 355 | 6 814 |
| **Sum eigendelar** | **11 158** | **11 185** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 830 | 1 009 |
| Langsiktig gjeld | 4 994 | 4 032 |
| Kortsiktig gjeld | 5 334 | 6 145 |
| Sum gjeld | 10 328 | 10 177 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **11 158** | **11 185** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 2,5 % | 7,9 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 18,6 % | 71,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 7,4 % | 9,0 % |
| Gjeldsgrad | 12,4 | 10,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,2 | 1,1 |

Setesdal regionråd

**Dagleg leiar**: Rita Hansen
**Styre:** Steinar Kyrvestad (leiar), Sigbjørn Åge Fossdal (nestleiar), Margit Dahle, Jon Rolf Næss, Tone Lise Avdal, Anne Eikerapen, Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Inger Lise Lund Stulien og Jan Aril Bjørndal

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** 20 %



**Setesdal Interkommunale Politiske Råd IKS (Setesdal regionråd)** er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Åseral. Dei har tre hovudarbeidsområder - infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling. Kontorstaden er i vertskommunen Valle.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal.

Det er to tilsette. I tillegg er det representantskap med fem formannskapsrepresentantar frå kvar av deltakarkommunane, totalt 25 stykkar. Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Rådmennene møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.

Styret er samansett av to politikarar frå kvar kommune, totalt 10 stykk.

**Året 2019**
2019 var eit år med mange endringar i kommune- og fylkesstruktur. Aust- og Vest-Agder blei til Agder og fleire kommunar i Vest-Agder blei slått saman til storkommunar. I denne situasjonen er det viktig å finne ein god måte å samarbeide med fylkeskommunen. Åseral blir no ein del av Setesdal og er kome inn som nytt medlem i regionrådet frå 1. september 2019. I samband med at rådet blir utvida frå 4 til 5 deltakarkommunar er det naturleg å ha ein gjennomgang av visjon og mål for samarbeidet.

Styret meiner at verksemda blir drive i samsvar med den samarbeidsavtalen og dei vedtektene som gjeld. Det blir ytt øyremerka midlar frå kommunane og fylkeskommunen. Det har i tillegg vore ytt ekstra ressursar frå Fylkesmann og Aust-Agder fylkeskommune til prosjektet «Tre» i Setesdal, frå Interreg Baltic Sea Region knytt til MARA-prosjektet. I tillegg har Fylkesmannen i Agder og andre støtta desentralisert sjukepleiarutdanning.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit positivt rekneskapsmessig resultat på 0,88 mill kr. Selskapets eigenkapital er solid med 25,2 mill kr, opp frå 22,5 mill kr året før. Samla gjeld er auka frå 4,2 mill. kr i 2018 til 6,2 mill. kr i 2019.

Selskapet si avkastning på både total- og eigenkapitalen er god i 2019. Selskapet hadde ved utgongen av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 80 %.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 1 300 000
2019: 1 300 000

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 9 500
2019: 1 5000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar og delaktig i regionrådet for å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i kommunen. Det er også ønskjeleg med godt samarbeid med dei andre kommunane i Setesdal.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 13 887 | 13 297 |
| Driftskostnader | 11 669 | 11 403 |
| Brutto driftsresultat | 2 218 | 1 894 |
| Finansinntekter | 386 | 257 |
| Finanskostnader | -20 | -20 |
| Netto finanspostar | 406 | 277 |
| Motpost avskrivingar | 250 | 250 |
| Ordinært resultat | 2 874 | 2 420 |
| Avsetningar | 1 987 | 1 685 |
| **Rekneskapsmessig resultat** | **888** | **735** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 6 027 | 5 145 |
| Omløpsmidlar | 25 438 | 21 670 |
| **Sum eigedelar** | **31 465** | **26 815** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 25 220 | 22 546 |
| Langsiktig gjeld | 2 911 | 2 727 |
| Kortsiktig gjeld | 3 335 | 1 543 |
| Sum gjeld | 6 246 | 4 270 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **31 465** | **26 815** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 8,9 % | 8,4 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 12,0 % | 11,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 80,2 % | 84,1 % |
| Gjeldsgrad | 0,2 | 0,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 7,6 | 14,0 |

**Dagleg leiar**: Svend Aage Petersen
**Styre:** Torgeir Hodne (leiar), Kjell Øyvind Berg, Egil Mølland, Wenche Erland Gundersen og Liv Hilde Holm (ikkje oppdatert i Brreg)

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** 20 %



**Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS** er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland. Selskapet sin administrasjon ligg på Syrtveit i Evje og Hornnes kommune, der selskapet driv sine hovudaktivitetar innan avfallsbehandling.
I tillegg har selskapet ein gjenvinningsstasjon i kvar av dei andre eigarkommunane.

**Året 2019**
Selskapet har ikkje publisert si årsmelding. Ut i frå tala er det eit normalår, men det har vore gjort ein del investeringar i nye anleggsmaskin.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit positivt netto rekneskapsmessig resultat på 0,7 mill kr. Selskapets eigenkapital er solid med 19 mill, ganske likt som fjoråret. Samla gjeld er auka frå 19,9 mill. kr i 2018 til 27,5 mill. kr i 2019 og heng saman med investeringar i anleggsmidlar. Selskapet har god likviditet til utbetaling.

Selskapet hadde ved utgongen av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 40,9%.

**Tilskot frå Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 5 858 933
2019: 6 364 487

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å sikre sine innbyggjarar gode renovasjonstjenester.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 25 870 | 24 896 |
| Driftskostnader | 25 399 | 24 660 |
| Driftsresultat | 471 | 236 |
| Finansinntekter | 177 | 200 |
| Finanskostnader | 1 145 | 1 450 |
| Netto finanspostar | -968 | -1 250 |
| Motpost avskriving | 1 298 | 970 |
| Ordinært resultat | 801 | -44 |
| Avsetningar | -101 | 44 |
| **Rekneskapsmessig resultat** | **700** | **0** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 36 012 | 27 380 |
| Omløpsmidlar | 10 596 | 11 491 |
| **Sum eigedelar** | **46 607** | **38 871** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 19 079 | 18 977 |
| Langsiktig gjeld | 23 192 | 15 627 |
| Kortsiktig gjeld | 4 337 | 4 266 |
| Sum gjeld | 27 528 | 19 894 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **46 607** | **38 871** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 4,3 % | 5,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 3,7 % | 0,0 % |
| Eigenkapitalprosent | 40,9 % | 48,8 % |
| Gjeldsgrad | 1,4 | 1,0 |
| Likviditetsgrad 1 | 0,5 | 0,7 |

Setesdalsmuseet

**Dagleg leiar**: Anna Stella Karlsdottir
**Styre:** Svein Hjort-Olsen (leiar), Torunn Charlotte Nyberg (nestleiar) Berit Haugetveit og Rønnaug Torvik

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** 33,33 %



**Setesdalmuseet Eigedom IKS** er eigd av kommunane Bykle, Valle og Bygland med 1/3 kvar. Formålet er å ta vare på museumsanlegg som høyrer til dei tre kommunane og i samband med dette å take vare på bygningar, gjenstandar bygningsmiljø og anlegg frå regionen.

I 2005 blei alle musea i Setesdal knytt saman under ein paraply som eit konsolidert museum for regionen. I 2015 blei dei fleste musea i Aust-Agder samla under ein museumsparaply under namnet Aust-Agder museum og arkiv, der også Bykle kommune har ein eigardel i (2 %).

Eigarskapet til bygningar og anlegg ligg att i kommunane, og difor er Setesdalsmuseet Eigedom IKS stifta. For Bykle sin del er ikkje noko av deira museer lagt inn i dette selskapet. Alt blir eigd direkte av kommunen. Det blir betalt tilskot til selskapet for bidrag med drifta av disse.

**Året 2019**
Selskapet har forholdsvis lite omfang.

**Økonomisk utvikling**
selskapet har veldig lite omfang av drifta si, med låge inntekter og kostnader som er tilpassa drifta.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er medeigar for å sikre sin kulturarv og ta vare på sine museumsanlegg. Sjølve anlegga er eigd direkte av kommunen, men det blir kjøpt inn tenester til vedlikehald og utvikling frå selskapet.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 175 | 178 |
| Driftskostnader | 173 | 176 |
| Driftsresultat | 3 | 2 |
| Finansinntekter | 2 | 0 |
| Finanskostnader | 2 | 0 |
| Netto finanspostar | 0 | 0 |
| Ordinært resultat | 3 | 176 |
| Avsetningar | 0 | 44 |
| **Rekneskapsmessig resultat** | **3** | **220** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Anleggsmidlar | 7 | 7 |
| Bankinnskot, kontantar o.l. | 257 | 256 |
| **Sum eigedelar** | **264** | **263** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 46 | 42 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 219 | 221 |
| Sum gjeld | 219 | 221 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **264** | **263** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 1,7 % | 0,9 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 1,3 % | 99,8 % |
| Eigenkapitalprosent | 17,3 % | 16,1 % |
| Gjeldsgrad | 4,8 | 5,2 |
| Likviditetsgrad 1 | 1,2 | 1,2 |

# Andre samarbeid og vertskommunesamarbeid

SETESDAL

**Dagleg leiar**: Aud Sunniva Fuhr
**Vertskommune:** Valle

**Deltakarar:** Bykle, Valle og Bygland

**Bidrag 2019:**



**Setesdal Barnevern** er ei felles organisering av barnevernet i Bykle, Valle og Bygland. Samarbeidet er organisert som eit vertskommunesamarbeid med Valle som vertskommune. Samarbeidet blei inngått i 2010. Setesdal barnevern har fire tilsette.

Alle som er bekymra for eit barn sin omsorgssituasjon kan kontakte barnevernstenesta. Offentlege myndigheiter og helsepersonell har meldeplikt ved mistanke om alvorleg omsorgssvikt.

Frå 1.1. 2017 har Setesdal barnevern knytta seg til Barnevernsvakta i Kristiansand. Bakgrunnen for dette er å betre beredskapen utanom kontortid. Barnevernsvaktene er barnevernet sin akuttberedskap på kveldstid og i helger. Hovudoppgåvene er å hjelpe barn og familiar i krise som treng hjelp raskt.

Tenestene barnevernskontoret kan bidrage med er:

- Besøksheim
- Familievernkontor
- Formidling av plass til fosterheim og institusjon
- Samvær med barn under offentleg omsorg
- Rettleiing
- Støttekontakt
- Avlastning
- Krisesenter
- Samlivskurs

**Fordeling av kostnader:**
Utgifter til barnevernstiltak i og utafor heimen knytta til det enkelte barnet (funksjon 251 og 252) skal dekkjast av den kommunen barnet bur i og blir ikkje fordelt på dei andre kommunane.
Utgiftene blir fordelt etter talet på barn under 18 år per oktober i året før budsjettåret. Samarbeidskommunane overfører bidraget sitt til Valle kommune med ein halvdel 15. februar og 15. august. Bidraget den 15 august skal og vere medrekna avrekning for året før.

**Bykle kommune sin del av kostnadene**
2018: 2 201 921
2019: 2 849 734

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å ha ei barnevernsteneste for sine innbyggarar. For å ivareta denne tenesta i en liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

SETESDAL

**Dagleg leiar**: Øyvind Kjetså
**Vertskommune:** Valle

**Deltakarar:** Bykle, Valle og Bygland

**Bidrag 2019:**



**PPT Setesdal** (Pedagogisk Psykologisk Teneste) er eit frivillig og gratis interkommunalt samarbeid mellom Bygland, Valle og Bykle kommunar. Tilbodet er retta mot born, unge, foreldre og vaksne samt pedagogisk personale i barnehagar og skular, Valle kommune er vertskommune.

Saman med andre skal PPT-tenesta gjennom system- og individretta arbeid bidra til at born, ung og vaksne med særskilde behov får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmoglegheiter.
Dei som treng hjelp frå PPT-tenesta, kan ta kontakt med barnehage/skule eller vende seg direkte.
Målgruppa er born, ungdom og elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

Tenestene PPT Setesdal kan bidra med er:

- Søknad om tidleg eller utsett skulestart
- Spesialpedagogisk hjelp
- Spesialundervisning
- Fritak frå opplæring
- Punktskriftopplæring
- Teiknspråkopplæring
- Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
- Inntak til særskilt utdanningsprogram i vidaregåande
- Utvida opplæringstid i vidaregåande skule

**Fordeling av kostnader:**
Vertskommunen vedtek handlingsprogram og økonomiplan for PPT for 4-års periodar. Handlingsprogram og økonomiplan er ikkje endeleg før den er godkjent av dei andre kommunane. Framlegg til endringar i budsjett for komande år må meldast til samarbeidskommunane innan august.
Kommunane skal dekke driftsutgiftene for tenesta i høve til talet på elevar i grunnskulen i kvar kommune per 1.oktober i budsjettåret.
Det budsjetterte tilskotet skal betalast ut to gonger i året til Valle kommune, med sluttoppgjer basert på grunnlag av revidert rekneskap.
Innbetaling i forkant per 1.januar og 1.juli i budsjettåret.
Justert innbetaling innan 1.tertial året etter.
Utgifter til kontorhald, husleige og tenesteavtalar med vertskommunen/kontorkommunen skal inkluderast i rekneskapen.
Dersom det er grunn til å rekne med vesentleg endra føresetnader i rekneskapen, skal vertskommunen straks gjeve melding til dei andre kommunane. Vertskommunen skal då syte for eit møte der ein gjer greie for avviket og kome med framlegg om revidert budsjett.

**Bykle sin del av kostnadane**
**2018:** 645 505
**2019:** 652 213

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å ha ein PPT-teneste for sine innbyggjarar. For å ivareta denne tenesta i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

**Tenesteleiar**: Heinz Thomas Diel
**Vertskommune:** Bykle

**Deltakarar:** Bykle og Valle

**Bidrag 2019:**



**Helseteneste Bykle og Valle**
Helsetenesta er eit vertskommunesamarbeid mellom Bykle og Valle kommunar. Det er Bykle som er vertskommunen.

Helsetenesta Bykle og Valle er ansvarleg for tenesteområda: Lege, legevakt, fysioterapi, jordmor, helsestasjon og skulehelseteneste og psykisk helse og rus.

Innbyggjarane i Bykle og Valle kommunar kan fritt gjere seg nytte av tenestetilboda lokalisert i båe kommunar.

Helsetenesta i Bykle og Valle gjer til ein kvar tid sitt beste for å levere tenester av god kvalitet, i samsvar med lover og føresegner og med kortast mogleg ventetid. Likevel må ein rekne med noko ventetid av tenester. Alvorlege tilstander vil prioriterast fyrst.

**Kommuneoverlegen** har følgjande oppgåver:
- miljøretta helsevern
- medisinsk fagleg rådgiving
- sekretær Legenes samarbeidsutval
- fullmakt knytt til medisinutlevering
- kontaktperson med fastlegar, legevakta og klagesaksbehandling
- smittevernlege iht. smittevernloven
- beredskap, jf. lov om helseberedskap
- psykisk helsevern, jf. lov om psykisk helsevern

Innbyggjarane kan ta kontakt med kommuneoverlegen om dei har spørsmål som krev medisinsk fagleg kompetanse eller ønskjer å melde frå om moglege helseskadelege tilhøve.

**Koordinerande eining**
Alle kommunar og regionale helseføretak er gjennom lov og forskrift pålagt å ha ei koordinerande eining.

Koordinerande eining skal bidrege til å sikre heilskaplege og koordinerte tenester til pasientar og brukarar med behov for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper med behov for langvarige og koordinerte tenester. Individuell plan (IP) er ein sentral del av dette ansvaret. Eininga tek i mot førespurnader frå både tenestemottakarar og tenesteytarar.

Bykle og Valle kommunar har ei felles koordinerande eining som organisatorisk er plassert i Helsetenesta i Bykle og Valle. Koordinerande eining består av pleie og omsorgsleiar i Bykle og Valle kommune, fysioterapeut, ergoterapeut og tenesteleiar helse. Koordinerande eining når ein ved å vende seg til pleie og omsorg i Bykle eller Valle, eller ved å kontakte sentralbordet.

**Bykle sin del av kostnadene**
2018: 9 526 438
2019: 10 996 432

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å ha helsetenester for sine innbyggarar. For å ivareta denne tenesta i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

**Dagleg leiar**: Svein Gustav Skisland
**Vertskommune:** Vennesla

**Deltakarar:** Vennesla, Åseral, Iveland, Bygland, Valle og Bykle

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS
**Bidrag 2019**: kr 0, stiftet i 2020

**Nav Midt-Agder**
blei etablert 1. januar 2020 og betener kommunane Vennesla, Åseral, Iveland, Bygland, Valle og Bykle.

**Den statlege styringslinja**
Arbeids- og velferdsetaten har ansvar for dei statlege arbeids- og velferdstenestene (arbeid, trygd og pensjon).

**Den kommunale styringslinja**
Kommunen har ansvar for dei sosiale tenestene i NAV-kontoret. Lover og forskrifter fastset kva for tenester og tiltak kommunane har ansvar for; å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til auka likeverd og likestilling og førebyggje sosial problem.

Kommunane har stor grad av sjølvstyre etter kommunelova. Kommunestyret si løyvingar i årsbudsjettet gjev tilskot til dei kommunale tenestene som går inn i NAV-kontoret. I samsvar med kommunelova skal det også gå fram kva slags prioriteringar, målsettingar og premisser kommunestyret legg til grunn for tenestene.

Arbeids- og velferdsdirektoratet informerer kommunane, i det årlege Kommunebrevet, om nasjonale mål, regjeringa sine satsingsområde og tilskotsmidlar innanfor området levekår og sosiale tenester. Tilskot gitt over statsbudsjettet til dei sosiale tenestene er virkemidlar for å nå dei nasjonale måla.

Den einskilde kommunen bestemmer, saman med Arbeids- og velferdsetaten, kva slags kommunale tenester som skal gå inn i NAV-kontoret utover eit lovpålagt minimum, beståande av kvalifiseringsprogrammet, sosialhjelp, opplysning, råd og rettleiing, mellombels husvære, økonomisk rådgjeving og tilbod om individuell plan.

**Lov om sosiale tenester i NAV** har som formål å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, her under at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Lova skal bidra til at utsette barn og unge og deira familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Lova skal bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem.

Individuelle tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV er:
Opplysning, råd og rettleiing,
Stønad til livsopphold,
Midlertidig butilbod og
Kvalifiseringsprogrammet.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0
Selskapet er stiftet i 2020.

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å yte de sosiale tenestene i NAV for sine innbyggarar.
For å ivareta disse tenestene i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

LMT SETESDAL
LOKALMEDISINSKE
TJENESTER

Setesdalssamarbeid
Bykle, Valle, Bygland,
Evje og Hornnes

**Dagleg leiar**: Aud Sunniva Fuhr
**Vertskommune:** Evje

**Deltakarar:** Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes

**Bidrag 2019:** xxx



**Setesdal Lokalmedisinske tenester (LMT)** er eit vertskommune helsesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes kommune.
Evje og Hornnes kommune er vertskommune.
LMT held til i Sentrumsbygget på Evje.

Tenestene LMT bidrar med er:
**Hukommelsesteamet** som har to oppgåver:

- Utgreiing av heimebuande personar som har problem med minnet eller om ein mistenkjer demens.
- Drifte opplæring for pårørande til personar med minneproblem og demens.

**Kreftkoordinator** er ei teneste som er til for innbyggjarane i kommunane i Setesdal. Tilbodet er til dei som har fått ein kreftdiagnose og deira pårørande. Ein kreftkoordinator kan hjelpe med å koordinere og tilrettelegge kvardagen for den kreftsjuke og pårørande på best mogleg måte i alle fasar av sjukdomsgangen.

**Systemansvarleg IKT helse og omsorg** har eit overordna ansvar for fagleg oppfølging og systemarbeid i fagsystema for helse- og omsorgstenesta.

**Audiograf (høyrsel)** er eit tilbod til dei som har nedsett høyrsel. Ein audiograf kan hjelpe med kontroll av høyreapparat, måling av høyrsel, avtrykk til nye proppar, oppfølging av nye og gamle høyreapparatbrukarar, oppfølging av tekniske hjelpemiddel og informasjonsarbeid.

**Leiar/samhandlingskoordinator** skal leie og utvikle LMT Setesdal, blant anna for å imøtekomme Samhandlingsreforma. Leiar har eit overordna ansvar for å koordinere helsesamarbeidet på tvers av kommunane i Setesdal og forvaltningsnivåa, samt følge opp samarbeidsavtaler med spesialisthelsetenesta.

**Kardiologtenesta**
Spesialisthelsetenesta SSHF tilbyr desentralisert kardiologteneste på Evje ein dag i veka.
Andre undersøkingar som blir gjort er:

- ultralyd av hjartet
- vanleg EKG
- pacemaker-kontroller
- ICD – hjertestartarkontrollar

**Koordinator psykisk helse og rus** Rusmiddelpolitisk handlingsplan legg føringar for tiltak som ein ønsker skal bli gjennomført i kommunane, og interkommunal koordinator psykisk helse og rus har ansvar for oppfølging av tiltaka som er vedteke. Koordinatoren skal:

- samarbeide med fagmiljøa i dei einskilde kommunane i Setesdal.
- leie Fagnettverket Psykisk helse og rus i Setesdal.
- medverke til kompetanseutvikling blant helsepersonell i Setesdal.
- arrangere fagdagar, tilby undervisning på skular og bidra til kompetanseheving der dette er naturleg.
- drive førebyggjande arbeid.
- bidra til gjennomføring av Ungdata-undersøkinga på ungdomstrinnet, og sjå på mulegheit og behov for førebyggande tiltak i skulen.
- blant anna vere pådrivar og koordinator for førebyggande tiltak, som samarbeid med alkovett-organisasjonen «Av-Og-Til».
- medverke til pårørandearbeid i Setesdal.

**Frislivstilbod** Kommunane i LMT har starta opp med frisklivs-, lærings- og meistringstilbod. Kommunane har utvikla kurs som blir arrangert både i øvre og nedre del av Setesdal. Kursa er innan emne som diabetes, ernæring, kosthald og sjukdom, søvn, betre helse med fysisk aktivitet. Tilbodet er lågterskel og gratis/subsidiert.

**Bykle sin del av kostnadene**
2018: 487 008
2019: 626 647

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å ha LMT-tenester for sine innbyggjarar. For å ivareta denne tenesta i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

SETESDAL

**Kommuneveterinær**: Tone Bjørgum Ryningen
**Vertskommune:** Valle

**Deltakarar:** Bykle og Valle

**Bidrag 2019:**



**Veterinærvakt**
Dyrehelsepersonellova § 3 a seiar at kommunane skal syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Bykle og Valle har eit vertskommunesamarbeid, Valle er vertskommune.

**Bykle sin del av kostnadane**
2018: 143 664
2019: 131 528

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktige til å sørge for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsetenester. For å ivareta denne tenesta i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

**Dagleg leiar**: Willy Follerås Gill
**Vertskommune:** Kvinesdal

**Kontorstad:** Kvinesdal

**Eigardel:** 6,25 %

**Revisor:** Bruli Revisjon AS



**Agder Sekretariat** er eit samarbeid etter §27 i kommunelova. Selskapet er sekretariat for kontrollutvala i deltakarkommunane.

Sekretariatsfunksjonen skal ivareta ansvaret for at saker som blir handsama av kontrollutvala er forsvarleg utgreia, og at utvala sine vedtak blir følgt opp (jf. Kontrollutvalsforskrifta § 20, 2.ledd).

Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadene.

Sekretariatet utfører sekretærfunksjoner som saksutgreiing, administrative oppgåver, samt bestiller-oppgåver. Kontorstad er p.t. Kvinesdal.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 126 000
2019: 130 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune sitt kontrollutval har behov for å skrive referata frå sine møter. For å ivareta denne tenesta i ein liten kommune er det hensiktsmessig med samarbeid med andre kommunar.

**Dagleg leiar**: Per Svein Holte

**Styre:** Svein Reidar Heivoll (leiar), Eivind Drivenes (nestleiar), Olav Neset, Søren Gotthard Hodne, Jon Rolf Næss, Knut Hage, Øystein Børresen, Anders Snøløs Topland. Berit Hauan
**Kontorstad:** Kristiansand

**Deltakarar:** Bykle, Valle og Bygland

**Eigardel:** 11,1 %

**Midt-Agder Friluftsråd (MAF)**
I samarbeid med eigarkommunane og andre aktørar tilrettelegg MAF for opplevingar i friluft heile året. Eigarkommunane er Søgne, Songdalen, Kristiansand, Vennesla, Lillesand, Birkenes, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Bykle blei med som medlem i 2019. MAF er organisert som eit interkommunalt samarbeid etter § 27 i den tidlegare kommunelova. Styret har vedtatt at det er ønskjeleg å omorganisere friluftsrådet som et kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19 i den nye kommunelova.
Ved inngongen til 2019 hadde eigarkommunane eit samla folketal på ca. 150 000. Eigarkommunane dekkjer eit totalt landareal på 6681 km2

MAF skal i samarbeid med eigarkommunar og andre aktørar som tilretteleggjar for friluftsliv for alle.
Dette medfører at MAF skal:
• Arbeide for å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvenleg friluftsliv og å bevare natur- og kulturverdiar.
• Arbeide for sikring og tilrettelegging av regionale viktige friluftsområde.
• Arbeide for hensiktsmessig forvaltning og drift av regionale friluftsområde, her under regionale tur- og skiløyper.
• Informere om og koordinere friluftsmulegheiter i regionen.
ORGANISASJON
• Arbeide for opplæring og aktivitet med utgangspunkt i regionens friluftsmulegheiter.
• Gje uttale i viktige saker som handlar om friluftslivet, herunder plansaker.
• Arbeide med andre friluftsaker av regional karakter.
• Verne om allemannsretten som forutsetning for Friluftslivet.

**Fordeling av kostnader:**
Kvar kommune betalte i 2019 kr 18,- per innbyggar.
Vest-Agder fylkeskommune betalte kr 4,- og
Aust-Agder fylkeskommune betalte kr 5,- per innbyggar i eigarkommunane.
I tillegg mottar MAF årleg støtte frå ulike organisasjonar.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 25 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med som deltakar for å dra veksel på det arbeidet MAF gjer.
Skisporet.no viser til skiløyper i kommunen frå nettsidene til Midt-Agder Friluftsråd. Bykle er ein ny deltakar så det er ønskjeleg med meir fokus på kommunen.

Dagleg leiar: Anders Roger Øynes
**Styre:** Bykle, Valle og Bygland

**Revisor:** E&Y

**Eigardel:** Deltakardel under 1 %



**AT Skog SA** formål er å arbeide for medlemene sine økonomiske interesser knytta til deira skogeigedom ved å:

- Tilby omsetning av tømmer, og arbeide for best mogleg pris og avsetning på medlemene sine produkt.
- Sikre best mogleg rammevilkår for næringsmessig utnytting av medlemene sine skogeigedomar.
- Tilby skog- og utmarkstenester, samt fagleg rettleiing.
- Arbeide for auka bruk av skog-, utmarks- og treprodukta.
- Stimulere til næringsutvikling, og ved medlemsengasjement sikre påverknad og avkastning i skogindustri og andre tilknytta verdikjeder.

**Fakta om AT Skog**

- AT Skog sitt geografiske arbeidsområde dekkjer Telemark, Agder, Rogaland og Vestland.
- AT Skog har cirka 9 100 medlemmer.
- AT Skog omset årleg nær 1,5 millionar m³ tømmer.
- AT Skog har investert ein stor del av eigenkapital sin i verksemder som er knytt til skogeigarsamvirket sitt arbeidsområde og strategiske val. Det dreiar seg om treforedlingsindustri, sagbruk og bioenergi.
- AT Skog har heleigde dotterselskap med oppgåver knytt til deira naturlege arbeidsfelt.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Selskapet har 9100 medlemmer. Bykle kommune sin eigardel er heilt uvesentleg.

**Dagleg leiar**: John G. Berg
**Styre:** Morten Kraft (leiar), Bodil Slettebøe (nestleiar), Signe Sollien Haugå, Kjetil Grimsdal, Oddvar Espegren, Sverre Valvik og Bente Christensen

**Revisor:** Aust-Agder Revisjon IKS

**Eigardel:** 0,0081 %




**Aust-Agder Utviklings- og Kompetansefond** blei oppretta 8.5.2003. Stiftelsen er eit resultat av kommunane sitt sal av aksjar i Agder Energi AS til Statkraft. Bak stiftelsen står Aust-Agder sine 15 kommunar. Kontorkommunen er Arendal. Stiftelsens arbeid er regulert av lov om stiftelsar, og av vedtektene som er vedtatt av innskytarane sine kommunestyre.

Stiftelsen sitt formål er å bidra til auka kompetanse og nyskapingsevne i Aust-Agder, og til sikring og etablering av arbeidsplassar og gode levekår. Her under bidra til å styrke og vidareutvikle Universitetet i Agder.

Stiftelsen sin kapital skal heile tida forvaltast slik at tryggleiken blir ivaretatt på ein fullt ut forsvarleg måte i høve til formålet, og at avkastinga blir tilfredsstillande for å ivareta formålet. Ved forvaltinga skal det så langt som råd er takast etiske omsyn. Ifølge vedtektene skal minst en tiandedel av kapitalavkastinga normalt leggjast til grunnkapitalen kvart år, og alltid slik at grunnkapitalen held oppe sin realverdi.
Den andre avkastinga kan brukast det enkelte år til å fremje stiftelsen sitt formål eller tilleggast eit fond som kan nyttast seinare år.
Hausten 2018 vedtok styret viktige endringar i fondet sin strategi for utdeling av midlar.

Målsettinga med endringane er ein meir målretta bruk av fondet sine midlar sett i forhold til dei utfordringane som Aust-Agder står ovanfor. Konkret vil fondet gå inn i større og meir langsiktige prosjekt. I den nye strategiske tenkinga vil styret sjølv initiere kontakt med miljøa som er aktuelle for ei tyngre satsing. Som ein konsekvens av endringane blei det dermed ikkje utlyst midlar i 2018 og 2019 som ein har gjort tidlegare. Kompetansefondet skal likevel følge opp støtte til dei prosjekta som styret tidlegare har stilt seg positive til å vidareføre.

Bykle sin del av grunnkapitalen er på 2 mill kr. Totalt er grunnkapitalen på 244 mill kr.

## Året 2019
Var eit veldig godt år for selskapet. Det var høg avkasting på investerte midlar samanlikna med året før.
Det er totalt utdelt 11,57 mill kr i 2019.

## Økonomisk utvikling
Selskapet hadde i 2019 ei stor positiv avkasting på fondet. Elles er andre driftskostnader rimeleg faste.

Selskapets eigenkapital er solid med 477 mill kr, opp frå 445 mill kr året før. Kortsiktig gjeld er vedtatt, ikkje utbetalte tildelingar.

Selskapets avkasting på både total- og eigenkapitalen var ekstremt god i 2019. Selskapet hadde ved utgonga av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 96,2 %.

## Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune
2018: 0
2019: 0

## Eigarstrategi
Bykle er medeigar i stiftelsen etter å ha seld aksjar i Agder Energi i 2003 og er einig i stiftelsen sitt formål.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 0 | 0 |
| Driftskostnader | 807 | 810 |
| Driftsresultat | -807 | -810 |
| Inntekter av finansielle eigedelar | 59 845 | 14 434 |
| Kostnader av finansielle eigedelar | 777 | 26 973 |
| Sum avkastning av kapital | 59 068 | -12 539 |
| **Netto driftsresultat** | **58 261** | **-13 349** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Anleggsmidlar | 0 | 0 |
| Omløpsmidlar | 496 843 | 445 589 |
| **Sum eigedelar** | **496 843** | **445 589** |
| | | |
| Sum eigenkapital | 477 850 | 429 924 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 18 993 | 15 665 |
| Sum gjeld | 18 993 | 15 665 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **496 843** | **445 589** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 12,5 % | 3,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 12,8 % | -3,0 % |
| Eigenkapitalprosent | 96,2 % | 96,5 % |
| Gjeldsgrad | 0,0 | 0,0 |
| Likviditetsgrad 1 | 26,2 | 28,4 |

Bibliotekssentralen

**Dagleg leiar**: Hans Anders Vigen
**Styre:** Lars Peder Brekk (leiar), Trine Skei Grande (nestleiar), Gunn Berit Gjerde, Birgithe Schumann-Olsen, Claus A. Johannesen, Leon Bang-Hetlevik, Elin Broen

**Revisor:** BDO AS

**Eigardel:** deltakardel under 1 %



**Biblioteksentralen SA**
Biblioteksentralen er eit samvirkeføretak eigd av norske kommunar og fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforeininga. Oppdraget er å skape verdiar for dei offentlege eigarane gjennom å utvikle og levere produkt og tenester som kan bidra til moderne, levande og engasjerande bibliotek i heile landet. Biblioteksentralen er også morselskap i BS konsern og del av Bibliotekenes Hus.

Biblioteksentralen har særleg fokus på heilskapleg og samanhengande bibliotektenester innan områda bøker og media, metadata, digital formidling og sjølvbetjening.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 172 917
2019: 402 943

**Eigarstrategi**
Bykle er medeigar i samvirkeføretaket for å drifte sine bibliotek i Bykle og på Hovden. Biblioteka er eit viktig tilbod for innbyggarane i kommunen.

**Dagleg leiar**: Sverre Thornes
**Styre:** Egil Johansen (leiar), Jenny Ellaug Følling (nestleiar), Karianne Undrum Melleby, Cathrine Marie Lofthus Medhus, Øivind Brevik, Odd Haldgeir Larsen, Freddy Larsen og Susanne Torp-Hansen

**Revisor:** PWC

**Eigardel:** Mindre enn 1 %



**KLP – Kommunal Landspensjonskasse** leverer finans- og forsikringstenester til offentlege sektor, verksemder med tilknyting til denne og deira tilsette. Selskapet blei etablert i 1949, og har per 2017 ni datterselskap. Konsernet leverer følgjande produkt og tenester: pensjon og pensjonskassetenester, bank, forsikring, fonds- og kapitalforvalting, samt eigedom.

KLPs hovudkontor ligg i Oslo. Konsernet har også avdelingar i Bergen, Trondheim, Stockholm og København.

Så mange har pensjonsavtale i KLP:

- 335 kommunar
- 9 fylkeskommunar
- 28 helseføretak
- 2400 bedrifter

Pensjonsordninga vår omfattar:

- 459.000 medlemer
- 310.000 pensjonistar
- 240.000 med pensjonsrettar.

KLP har:

- 765 milliardar kroner i forvaltningskapital
- 1000 tilsette
- KLP tilbyr også andre fordelar for kommunalt tilsette, som bank, lån, sparing, fond og forsikring.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 14 146 122
**2019:** 15 590 134

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktig til å ha pensjonsordning for sine tilsette og KLP forvaltar dette for kommunen.



**Kontaktperson**: Anne M. M. Winge
**Styre:** Jan Henning Labèe-Lund (leiar), Anne M. M. Winge, Sigbjørn Åge Fossdal, Gjermund O Espetveit, Nils O. Espetveit og Nils Olav Larsen

**Revisor:** Agder-Team Revisjon AS

**Eigardel:** 0



**Krypsivfondet i Otra** skal brukast til å overvake og setje i verk mulege tiltak for å utrydde krypsiv og annan ikkje ønska tilgroing i Otravassdraget. Det skal også føretakast undersøkjing og tiltak for å betre levekåra for fisk i vassdraget, med særleg vekt på tilhøva for laksen.
Tiltak som skal setjast i verk må sjåast i samanheng med det arbeidet som blir sett i verk av Krypsiv i Sørlandsvassdrag. Fondet blei stiftet i 2005.

Administrative kostnader til å forvalte fondet og drive styret sitt arbeid blir dekka av fondet. Styret sine medlemer skal få dekka faktiske kostnader, men det blir ikkje ytt godtgjersle.

Otteraaens Brugseigarforening og Otra Kraft DA har betalt inn kr 21 mill til Krypsivfondet i Otra i samsvar med konsesjonsvilkåra. For Otteeraaens Brugseigarforenig gjeld dette rettane til å regulere Byglandsfjorden med vidare i Otravassdraget. For Otra Kraft DA gjeld dette konsesjonen til å byggje dam i Sarvsfossen og Skarg Kraftverk.

Av fondsmidlane skal 50 % plasserast på renteberande konto. Resterande 50 % kan styret avgjere korleis dei skal forvaltast. Fondets grunnkapital er på kr 100 000.

Fondet skal bestå fram til konsesjonane kan vere klar for revisjon.
Utan årleg avkasting kan det gjerast bruk av fondet sin kapital. Årlege uttak må sjåast i samanheng med kor lang tid fondet skal virke. I nokre tilfelle kan det vere behov for å ta ut ein større del av fondet sin kapital for å sikre tiltak med varig verknad. Det har styret mandat til.

**Styret**
Fondet skal forvaltast av eit styre som er samansett av 1 representant frå følgjande:
- «Oppstrømskommunene» (Bygland, Bykle og Valle)
- «Nedstrømskommunene» (Evje og Hornnes, Iveland, Kristiansand og Vennesla)
- Regulanten Otteraaens Brugseigarforening
- Fylkesmannen i Agder
- NVE

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
2018: 0
2019: 0

**Eigarstrategi**
Dette er eit samarbeid som er til nytte for å ta vare på Otra. Bykle kommune er med som deltakar for å ivareta Otra.

**Dagleg leiar**: Torfinn Opheim
**Styre:** Torfinn Opheim (leiar), Jon Rolf Næss (nestleiar), Britt Hansine Egeland Gulbrandsen, Christine Trones, Gerd Helen Bø, Gisle Erik Hansen, Heidi Horndalen, Ola Helstad, Petter Rukke, Steinar Bergsland, Stian Brekkvassmo, Torbjørn Rødstøl, Anita H. Pedersen, Eva Hove, Karstein J. Totland, Gry Fuglestveit, Anne Kristin Førdre, Gro Boge Aasheim, Merete M. Moen, Eirik L. Mevik og Asbjørn Birkeland

**Revisor:** PFK Revisjon AS

**Eigardel:** Mindre enn 1 %



**Landsamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK)** ble stiftet i 1977. LVK organiserer kommunar som er vertskap for vasskraftutbygging. LVK skal ivareta medlemskommunane sine interesser i alle spørsmål om kraftutbyggjing. LVK er partipolitisk nøytral og tar ikkje stilling for eller mot vasskraftutbyggjing.

LVK er ein ad-hoc organisasjon, der berre leiar er fast tilsett. Organiseringa er kostnadseffektiv, der aktuelle saker skal prioriterast.

Organisasjonen er bygd opp med eit landsmøte, landsstyre, arbeidsutval og sekretariat. I 2013 blei det oppretta to permanente underutval, -energirådet og eigedomsskatteutvalet (ESU). ESU er nedlagt i 2020 og energirådet blei utvida.

Organisasjonen sin leiar er Torfinn Opheim, frå Sauda kommune. Nestleiar er ordførar i Bykle kommune, Jon Rolf Næss. Sekretariatet står for det faglege arbeidet og den daglege korrespondansen.

LVK har i 2019 hatt 174 medlemskommunar. LVK har eit høgt og stabilt medlemstal. Det store medlemstalet er viktig for LVK si gjennomslagskraft, og den stabile medlemsmassen er også eit uttrykk for ei brei oppslutning om det arbeid organisasjonen utfører.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 658 574
**2019:** 640 506

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med i LVK for å forvalte sine interesser innanfor vasskraft.

| Resultatregnskap (i 1000) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 15 658 | 17 915 |
| Driftskostnader | 13 070 | 16 238 |
| Driftsresultat | 2 588 | 1 677 |
| Finansinntekter | 94 | 87 |
| Finanskostnader | 1 | 4 |
| Netto finanspostar | 93 | 83 |
| Resultat før skatt | 2 680 | 1 760 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **2 680** | **1 760** |
| | | |
| Balanse | 2019 | 2018 |
| Varige driftsmidlar | 21 | 0 |
| Finansielle midlar | 226 | 225 |
| Omløpsmidlar | 14 411 | 10 273 |
| **Sum eigedelar** | **14 658** | **10 498** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 0 | 0 |
| Opptent eigenkapital | 12 229 | 9 548 |
| Sum eigenkapital | 12 229 | 9 548 |
| Avsetning til forpliktingar | 0 | 0 |
| Annan langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 2 429 | 950 |
| Sum gjeld og forpliktingar | 2 429 | 950 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **14 658** | **10 498** |
| | | |
| Nøkkeltal | 2019 | 2018 |
| Totalkapitalrentabilitet | 22,0 % | 18,5 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 24,6 % | 20,3 % |
| Eigenkapitalprosent | 83,4 % | 91,0 % |
| Gjeldsgrad | 0,2 | 0,1 |
| Likviditetsgrad 1 | 5,9 | 10,8 |

**Dagleg leiar**: Jan Petter Røinaas
**Styre:**

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** Deltaker




**Offentlig fellesinnkjøp på Agder (OFA)** er eit organ for felles innkjøpstenester, felles inngåing av rammeavtaler for varer og tenester, og organ for rettleiing og rådgiving hjå dei deltakande parter og for leverandørutvikling.

OFA er med utgangspunkt i offentleg verksemd open for tilslutting frå alle kommunane og fylkeskommunane i Agder eller kommunar i nærleiken av Agder.
Kommunale og interkommunale einingar som er organisert som eigne rettsobjekt kan vere assosierte medlemmer, og i tillegg kan andre offentlege instansar delta i samarbeidet.

Samarbeidet er organisert som eit interkommunalt samarbeid etter kommunelovas § 27. Samarbeidet er formelt etablert 16. juni 2005 med Aust- og Vest-Agder fylkeskommunar og 24 kommunar som deltakarar, samt 9 andre kommunale og statlege einingar.

Den daglege koordineringa av arbeidet i OFA blir utført av innkjøpsleiar i Aust-Agder fylkeskommune, Jan Petter Røinaas.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 0
**2019:** 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har behov for mange varer og tenester og er med i OFA for å få tilgang til felles rammeavtaler og rådgiving på dette.

**Personvernombod**
(under Evje og Hornnes)
Personvernombodet for alle kommunane i Setesdal (Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Iveland) ligg under Evje og Hornnes.
Personvernombodet
har ansvar for å kontrollere etterlevinga av personvernforskrifta og har gjennomført kontrollar med etterleving i alle 5 kommunane.

Personvernombodet skal jobbe for å unngå krenking av personvernet både ovanfor tilsette og innbyggarane.

Personvernombodet skal blant annet å bidra til at verksemda:

- Informerer om kva slags personopplysningar som blir samla inn.
- Halde oversikt over opplysningane som skal handsamast.
- Gi innsyn til den som opplysningane gjeld for.
- Kontrollere tilgonga til opplysningane.
- Be om samtykke frå dei opplysningane gjeld for, før opplysningane blir handsama.
- Beskytte informasjonen slik at den ikkje kjem på avvegar.
- Vurderer risiko for tryggleiksbrot og konsekvensar av dette.
- Slette personopplysningar det ikkje lenger er behov for det.
- Eit personvernombod er ein ressursperson som styrkjer verksemda sin kunnskap og kompetanse om personvern. Personvernombodet er rettleiar for verksemda, slik at personopplysningar blir handsama på ein god måte og i tråd med regelverket.

Personvernombodet arbeider med personvernspørsmål, for eksempel internkontroll og informasjonstryggleik.
Meir konkret betyr dette handtering av spørsmål om alt frå innsyn, retting og sletting til avviksmeldingar og personopplysningar på avvegar.

I kontrollane blei det blant annet sett på handsamingsgrunnlag, innsynsløysingar og protokollar over handsamingar. På bakgrunn av etterlevingskontrollen blei det invitert til felles «workshop» for setesdalskommunane i 2019.

**Tilskot frå Bykle kommune**
Denne tenesta ligg under Setesdal Lokalmedisinske tenester (LMT). Bykle kommune betaler ikkje særskilt for personvernombudet.

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pliktig til å ha personvernombod og samarbeid om denne tenesta er ein god måte å organisere dette på.

**Medlemmer i kriseleiinga:**
Ordførar – leiar
Rådmann – administrativ leiar
Organisasjonssjef – informasjonsleiar
Tenesteleiar drift og utvikling
Tenesteleiar helse og velferd
Tenesteleiar oppvekst
Kommunelege
Lensmann/politi

**ROS-Samarbeid med resten av kommune i Setesdal (Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Iveland og Valle)**
Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) krev at kommunen skal utarbeide ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). I forskrift om kommunal beredskapslikt finn ein krav til innhaldet i ROS-analysa. Det er i tillegg utarbeidd ei rettleiing til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Kommunens kriseorganisering er slik at kommunen har ei kriseleiing som er samansett av rådmann, ordførar eller varaordførar, informasjonsleiar beredskapskoordinator og kommuneoverlege.

Kommunen har følgjande plikter i beredskapssamanheng:

- Krav om gjennomføring av ROS-analyse og utarbeiding av beredskapsplanar og plan for kriseleiing.
- Ansvar for utarbeiding av plan for helsemessig og sosial beredskap.
- Beredskapsansvar for brannar og andre ulykkeshendingar, jf. brann- og Eksplosjonsvernlova.
- Ansvar for å sikre drikkevatnkvalitet og tilfredsstillande forsyningstryggleik samt utarbeiding av beredskapsplan for handtering av forstyrringar i vatnforsyninga.
- Sørgje for tilstrekkeleg beredskap mot akutt ureining som kan inntreffe eller medføre skadar innan kommunen.
- Vere førebudd på å hjelpe fylkesmannen i å samordne tiltak lokalt og halde kontakt og rapportere til fylkesmannen/ atomberedskapsutvalet ved situasjon med atomforureining.

Kommunen skal også yte hjelp ved ulykker og akutte hendingar

- Oppretthalde kommunen sine funksjonar og tenesteytingar og sikre naudsynte forsyningar.
- Informere publikum og media om den innsatsen kommunen gjer, men ikkje om redningsaksjonar der politiet har denne oppgåva.
- Hjelpe politiet ved evakuering.
- Sørgje for innkvartering av og omsorg for evakuerte og pårørande.
- Gjennomføre ulike oppryddingsaksjonar og andre tiltak for å verne miljøet.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 0
**2019:** 0

**Eigarstrategi**
Dette er eit samarbeid med dei andre kommunane i Setesdal. Det er strategisk for små kommunar med mykje samarbeid  å ha et felles ROS-samarbeid.

SETESDAL OPPLÆRINGSKONTOR

**Dagleg leiar**: Maria Gundine Berås Homdal
**Styre:** Liv Hilde Holm (leiar), Trond Haugom (nestleiar), Lars Erik Domaas, Svend Åge Petersen og Sigrid Greibrokk

**Revisor:** Agder Kommunerevisjon IKS

**Eigardel:** Samarbeidsprosjekt



**Setesdal Opplæringskontor** er et samarbeidsprosjekt mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Iveland, Agder Fylkeskommune, Setesdal Miljø og Gjenvinning og Setesdal IKT. Blei oppretta i august 1996.

Setesdal opplæringskontor er ein organisasjon som har ein rettleiarfunksjon ovanfor lærlingar i Setesdal.

Kontoret er godkjent for desse faga; helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, kontor- og administrasjonsfaget, reinhaldsoperatør, gjenvinningsfaget og IKT-servicefag.

Setesdal Opplæringskontor er også godkjent for fagbrev på jobb. Dette er ei ordning der personar som er i løna arbeid kan bli realkompetansevurdert, få opplæring på arbeidsplassen og ta fagbrev på grunnlag av dette. Målgruppa er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, og som har noko praksis frå lærefaget, men som har behov for litt rettleiing og opplæring før dei kan gå opp til fagprøva. Ordninga skal stille same krav til kompetanse i faget, og til gjennomføring av eksamenar og fag- eller svenneprøva, som for lærlingar.

Leiinga er samansett av dagleg leiar og eit styre. Kontoret er på Setesdal VGS, avd. Hornnes.

**Året 2019**
I 2019 blei det teikna 22 lærekontrakter og 2 fagbrev på jobb i helsefag, kontorfag, IKT- og servicefag og barne- og ungdomsarbeidar.

Alle 24 kontraktane utløyser tilskot for Setesdal Opplæringskontor.
20 har vore oppe til fagprøva, 19 har bestått.
Kontoret besøker jamleg lærlingane, og gjev rettleiing til både læring og rettleiar.

Det blir og halde kurs og samlingar gjennom året for lærlingar og rettleiarar.

**Økonomisk utvikling**
Selskapet hadde i 2019 eit positivt netto driftsresultat på 0,25 mill kr. Dette er ei god oppgang frå året før og kjem av fleire lærlingar, samstundes som ikkje kostnadene har auka tilsvarande.

Selskapets eigenkapital er solid med 1,7 mill kr opp frå 1,49 mill kr året før. I 2018 var det mykje høgare kortsiktig gjeld enn i 2019. Det kjem av at det var oppsamla 0,618 mill kr i refusjon til medlemsbedriftene.

Selskapets avkasting på både total- og eigenkapitalen er veldig god i 2019. Selskapet hadde ved utgonga av 2019 god likviditet og tilfredsstillande finansiering med eigenkapitaldel på 89,5 %.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 10 000
**2019:** 10 000

**Eigarstrategi**
Bykle kommune har mange lærlingar i si verksemd og det er eit ønske om å bidra til sysselsetting og fleire som buset seg i kommunen.

| Resultatregnskap (i 1000 kr) | 2019 | 2018 |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | 2 224 | 2 018 |
| Driftskostnader | 1 993 | 2 061 |
| Driftsresultat | 231 | -43 |
| Finansinntekter | 22 | 1 |
| Finanskostnader | 0 | 0 |
| Netto finanspostar | 22 | 1 |
| Resultat før skatt | 252 | -43 |
| Skattekostnad | 0 | 0 |
| **Årsresultat** | **252** | **-43** |
| | | |
| **Balanse** | **2019** | **2018** |
| Immaterielle midlar | 14 | 18 |
| Varige driftsmidlar | 0 | 0 |
| Finansielle midlar | 13 | 11 |
| Omløpsmidlar | 1 919 | 2 160 |
| **Sum eigedelar** | **1 945** | **2 188** |
| | | |
| Innskott eigenkapital | 0 | 0 |
| Opptent eigenkapital | 1 742 | 1 490 |
| Sum eigenkapital | 1 742 | 1 490 |
| Avsetning for forpliktingar | 12 | 15 |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | 191 | 684 |
| Sum gjeld | 203 | 699 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | **1 945** | **2 188** |
| | | |
| **Nøkkeltal** | **2019** | **2018** |
| Totalkapitalrentabilitet | 12,2 % | -2,0 % |
| Eigenkapitalrentabilitet | 15,6 % | -2,9 % |
| Eigenkapitalprosent | 89,5 % | 68,1 % |
| Gjeldsgrad | 0,1 | 0,5 |
| Likviditetsgrad 1 | 10,0 | 3,2 |

**Dagleg leiar**: Inge Olav Fjalestad
**Kontorstad:** Bygland

**Eigardel:** samarbeidsprosjekt for kommunane Bykle, Valle og Bygland.



**Skogbrukskontor** er eit samarbeid med Bykle, Valle og Bygland. Kontoret ligg i Bygland. Skogbrukssjefen er felles for alle tre kommunane.

Skogbrukssjefen utfører lovpålagte oppgåver, informerer og rettleier innan skogforvaltning.

**Oppgåvene er til dømes følgjande:**
For byggjing av skogsbil- og traktorveg blir det kravt søknad til kommunen. Hogst i verneskog, ut over vedhogst til eige bruk, skal det søkjast om tillating til.

Søknad om tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og utbetaling frå skogfond blir sendt på eige skjema som er utgjeve av Statens landbruksforvaltning, eller på ein tilsvarande søknad.

I Setesdal er Kjell Arne Rosseland engasjert som faghjelp for å kome med råd og rettleiing i praktisk skogkulturarbeid m.m.

Ved å kontakte skogbrukssjefen kan du som skogeigar få gratis synfaring av eigedomen i lag med faghjelpa.

Det blir også arrangert kurs. Det er i rapporten for risiko- og viktigheitsvurdering 11.11.2020 presisert verdien av at Bykle kommune får utbytte av dette samarbeidet.

**Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 78 080
**2019:** 81 105

**Eigarstrategi**
Dette er eit samarbeid med dei andre kommunane i Setesdal. Det er strategisk for små kommunar å samarbeide om tenester.

## Verneområdestyre for
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

**SVR – Verneområdene for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiene**
Vedtektene er bestemt av Miljødirektoratet. Formålet med SVR er å leggje til rette for ei heilskapleg forvalting av dei verneområda styret har ansvar for. Vedtektene skal sørge for at verneområdestyret skal oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktingar.
I følge vedtektene skal dette verneområdet forvaltast av eit verneområdestyre, jf. Naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, innanfor ramma av naturmangfaldlova, herunder lovkapittel II Alminnelege bestemmelser om berekraftig bruk, lovkapittel V Områdevern og verneforskrifter for dei enkelte verneområda.

Verneområdestyret blir sett på som ein juridisk person med mynde til å inngå avtaler og ta på seg plikter innafor dei økonomiske rammene styret disponerer.

Verneområdestyret skal ha 13 medlemer med personlege varamedlemer som møter når den faste medlemen har forfall. Verneområdestyret blir oppnemnd av Miljødirektoratet etter innstilling frå dei rørde kommunane og fylkestinga i Agder og Rogaland.

Kvar kommune skal vere representert med eit medlem og innstiller ei kvinne og ein mann blant kommunestyret sine medlemer.

Kvar fylkeskommune skal vere representert med eit medlem frå fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller ei kvinne og ein mann blant fylkestinget/fylkesrådet sine medlemer.

**Dagleg leiar**: Glenn Qvam Håkonsen
**Styre:** Bjørn Laugaland (leiar), Jonny Liland (nestleiar), Sigbjørn Å. Fossdal, Jan Dalen, Stanley Wirak, Henry Tendenes, Margrethe Handeland, Per Sverre Kvinlaug, Gerd Helen Bø, Steinar Kyrvestad og Inger Lise L. Stulien.

Oppnemningsperioden for medlemene følgjer valperioden for kommunestyret og fylkestinget.
Verneområdestyret vel sjølv sin leiar og nestleiar.

**Arbeidsutval**
Styret kan nedsette eit arbeidsutval som er samansett av personar frå styret.
Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova/ verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje er av stor betyding for verneverdiane.
Arbeidsutvalets vedtak skal treffast innanfor rammene av dei prinsippa som er fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/ verneforskriftene.
Eit slikt utval er utnemnt og er samansett av styreleiar, nestleiar og tre andre styremedlemmer.

**Fagleg rådgjevande utval**
Styret skal oppnemne eit rådgivande utval. Utvalet skal vere samansett av representantar for dei ulike interessene i området, som bl.a. grunneigarar, reindrifta eller andre særleg rørde
offentlege organ som for eksempel friluftsråd, næringsliv, friviljuge organisasjonar, bl.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.

**Administrativt kontaktutval**
For å sikre at forvaltninga av verneområda blir godt integrert i den kommunale forvaltninga, bør styret oppnemne eit administrativt kontaktutval samansett av representantar frå



administrativt nivå i dei ulike kommunane.

**Tilsyn**
Statens naturoppsyn har tilsynsmynde i områda, jf. lov om statleg naturoppsyn.

**Sekretariatet** for verneområdestyret er samansett av ein eller fleire verneområdeforvaltarar som er tilsett av ein av dei aktuelle fylkesmennene, og i dialog med styret. Fylkesmannen i det fylket der forvaltar blir tilsett har personalansvaret for verneområdeforvaltarar.

**Forvaltaren** skal i samråd med verneområdestyret sørge for einsarta og heilskapleg forvaltning av verneområda uavhengig av administrative grenser. Forvaltaren sin hovudfunksjon er å vere sekretariat for verneområdestyret og fagleg førebu alle styresaker.
Forvaltaren skal gjennom si sakshandsaming bidra til at styret forvaltar områda i samsvar med naturmangfaldlova, verneforskriftene og følge forvaltningslova. Forvaltaren er underlagt styret i forvalting av verneområda. Vedtak forvaltaren fattar med delegert mynde.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 0
**2019:** 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er pålagt av Miljødirektoratet å stille med ein representant og personleg vara i dette styret.

**Dagleg leiar**: Leiv Rygg
**Styre:** Ordførere i Bykle, Valle og Bygland

**Eigardel:** Samarbeidsprosjekt med Bykle, Valle og Bygland




**Vassdragsstyret for Øvre Otra (VØO)**
Er eit samarbeidsorgan for Bygland, Valle og Bykle kommune.

Utdrag frå vedtekter:

§ 1 Føremål
Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvalting av øvre Otra.

§ 2 Arbeidsoppgåver
Vassdragsstyret skal:
Samordne arbeidet i fagutval som til ei kvar tid er aktive i forvaltninga av interesser knytt til øvre Otra.
Vere pådrivar i aktuelle saker og aktivitetar i vassdraget.
Vere initiativtakar i nye saksfelt som blir aktuelle, eller saksfelt der ansvaret for å ta opp saker ikkje er klart definert.
Vere høyringsinstans for planar som omhandlar øvre Otra.

Arbeide for at enkeltaktivitetar i Otravassdraget ikkje kjem i konflikt med andre interesser.

Sikre at interesser som ikkje er representert i dei faste utvala blir ivaretekne.

**Styre**
I Vassdragsstyret er desse medlemer: Ordførarane i Bygland, Valle og Bykle. Grunneigarrepresentantar frå Bygland, Valle og Otra Fiskelag. Vidare er Otteraaens Brugseigarforening og Agder Energi Vannkraft representerte.

**Arbeid**
Vassdragsstyret har særleg arbeidd med rydding av krypsiv i Otra med stønad frå Krypsivfondet i Otra og Krypsivprosjektet på Sørlandet.

Tiltaka har som mål at vassdraget skal vere mest mogeleg attraktivt for fiske, bading og båtferdsle.

Vassdragstyret for øvre Otra har som overordna mål å få gjennomført ny innfrysing av elva fordi dette er det mest effektive tiltaket.

**Tilskot og Sal av tenester til Bykle kommune**
**2018:** 0
**2019:** 0

**Eigarstrategi**
Bykle kommune er med i styret for å forvalte Otra på best mogleg måte.

# Vedlegg 1 – nøkkeltal definisjonar

***Totalkapitalrentabilitet***
Totalkapitalrentabilitet er et nøkkeltal for lønsemd som viser den avkastninga bedriftene får på sine aktiva.

$$\text{Totalkapitalrentabilitet} = \frac{\text{Ordinært resultat før skatt} + \text{rentekostnader}}{\text{Gjennomsnittlig totalkapital}}$$

$$\text{Gjennomsnittlig totalkapital} = \frac{\text{Totalkapital pr. 1.1} + \text{totalkapital pr. 31.12}}{2}$$

***Eigenkapitalrentabilitet***
Eigenkapitalrentabilitet er et nøkkeltal for lønsemd som viser tilhøvet mellom ei bedrift sin eigenkapital og årsresultat. Eigenkapitalavkastninga til ei bedrift gjev analytikarar ein idé om kor godt bedriftene klarar å utnytte aksjonærane sin eigenkapital. Eit selskap med høg eigenkapitalavkastning betyr at selskapet utnyttar eigarane sin tilbakehaldne kapital (eigenkapitalen) godt. Eigenkapitalrentabiliteten bør vere høgare enn lånerenta sidan eigarane normalt har større risiko knytt til sine kapitalinnskot enn långjevarane.

$$\text{Eigenkapitalrentabilitet} = \frac{\text{Resultat (før skatt)}}{\text{Gjennomsnittleg eigenkapital}}$$

$$\text{Gjennomsnittleg eigenkapital} = \frac{\text{Eigenkapital pr. 1.1} + \text{eigenkapital pr. 31.12}}{2}$$

***Eigenkapitalprosent***
Eigenkapitalprosent viser kor stor del av eigendelane som er finansiert med eigenkapitalen.

$$\text{Eigenkapitalprosent} = \frac{\text{Sum eigenkapital pr. 31.12}}{\text{Sum eigenkapital} + \text{gjeld pr. 31.12}}$$

***Gjeldsgrad***

Gjeldsgraden viser til kor mykje gjeld føretaket har i høve til eigenkapitalen. Dersom det er like mykje gjeld i selskapet som det er eigenkapital vil denne graden vere 1.

$$\text{Gjeldsgrad} = \frac{Sum\ gjeld\ pr.\ 31.12}{\text{Sum eigenkapital pr. } 31.12}$$

***Likviditetsgrad 1***

Likviditetsgrad 1 seier noko om tilhøvet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Med andre ord måler det bedrifta si evne til å dekkje sine betalingsforpliktingar etter kvart som eisse forfell.

$$\text{Likviditetsgrad 1} = \frac{Sum\ omløpsmidler\ pr.\ 31.12}{\text{Sum kortsiktig gjeld pr. } 31.12}$$